



Største kampanje på mange år

- Kjærleik, kunnskap og hardt arbeid skal redde nynorsken frå Frp og Høgre.

SIDE 13



Sann spådom om læringsressursar

- Det er umogleg å sjå for seg at kunnskapsministeren ikkje fremjar lovending.

SIDE 18



Målblome til Sophie Elise

- Mange av dei beste bøkene eg har lese, er jo nettopp på nynorsk.

SIDE 20-21

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
juni 2025

*Noreg treng nynorsk.
Nynorsk treng sidemål.
Frp vil la elevane
velje vekk sidemål.
Høgre vil fjerne
karakter og eksamen.*

*No åtvarar
Noregs Mållag.*

Sidemål spesial, side 2–16



Sikre sidemåls-ordninga!

■ Når folk spør meg kvifor eg har valt å skrive nynorsk, oppvaksen som eg er i bydel Grünerløkka, seier eg som regel noko ideologisk om kultur, språkmangfald og motmakt; at det er slekta i Telemark eller anane frå Færøyane som har inspirert meg; at ein naturlegvis skal velje målet til Vesaas-ane, Hauge og Nygard; at språk avlar språk; at det trass alt kjennest mest naturleg. Og alle desse tinga har vel noko ved seg. Men sanninga er mykje enklare: Det var Maria, Per, Elin og Ellen, norsklærarane mine på ungdomsskulen og vidaregåande, som gav det avgjerande bidraget. Det var dei som sette meg i gang, og som sikra at eg vart god nok til å nytte det nynorske språket autonomt og sjølvikkert. For meg, som for dei fleste nordmenn, var det sidemålsordninga som gav det fyrste skikkelege møtet med nynorsken, og med dei historiske, politiske og emosjonelle grunnane til at spørsmålet om kva språk me skal velje, – eit av dei mest grunnleggjande for ein nasjonalstat – framleis er så aktuelt i Noreg. Om ikkje lærarane mine tok den oppgåva på like stort alvor i sidemåls- som i hovudmålsundervisinga, ville eg truleg ikkje blitt interessert nok, og i alle fall aldri god nok, til å nytte nynorsken like sjølvsgt som bokmålet.

■ I denne utgåva av Norsk Tidend er sidemålsordninga hovudtema. I mange generasjonar har ordninga vore ein garantist for det språklege mangfaldet i Noreg, for dialektane og sosiolektane, for bygd, by og kultur. At ho er under press er ikkje nytt, men i år er spørsmålet meir akutt enn på lenge. Over heile landet mobiliserer målrørsla til kamp mot kreftene som vil sidemålsordninga til livs, krefter som kan få fleirtal på Stortinget til hausten. Ein treng ikkje kunne stort om den norske målreisinga for å slå fast at å byggje ned sidemålsordninga er det same som å bryte ned nynorsken; at fjerning av eksamen, samanslåing av karakterar og utholing av læringsressursar ikkje berre er eit trugsmål mot jamstillinga mellom skriftspråka våre, men i praksis eit åtak mot nynorsken som institusjon, kulturuttrykk og statsberande språk.

■ Noreg treng nynorsken, og nynorsken treng sidemålsordninga. Allereie til hausten kan ho stå for fall, ordninga som har sikra det norske språkmangfaldet og den reelle valfridommen for alle som skriv norsk i meir enn hundre år.

■ God lesnad, og godt vall.
JÓGVAN HELGE GARDAR

Utgjeven av Noregs Mållag
Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.
Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO
Redaktør: Jógvan Helge Gardar
I redaksjonen: Hege Lothe, Erik Grov
Heimeside: www.nm.no
Abonnement: 250 kroner per år
Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS smia@spraksmia.no

Noreg er rock’n’roll, fiskeboll, kjøtkaker og sidemål. At alle norske elevar lærer både nynorsk og bokmål, er ei av tuftene landet vårt er bygd på. **Ikkje rør sidemålsordninga**, Høgre og Frp!

Sidemål bind oss s

■ Nynorsk er vår viktigaste kulturarv og styresmaktene sitt ansvar. Dette ansvaret vil ikkje Høgre og Frp ta. Høgre går til val på å fjerne karakter og eksamen i sidemål, medan Frp går endå lenger. For fyrste gong krev Frp utdanningsministeren og gjer seg klar til å skrote sidemålsopplæringa for elevane.

Har ikkje Erna og Sylvi hug til si heimlege strand?
Sidemål i skulen byggjer respekt og forståing, og likestilling mellom nynorsk og bokmål. Eit tospråkleg Noreg treng tospråkleg opplæring. Lat meg forklare kvifor:

Sidemål = fridom til å velje
Vi har to norske skriftspråk. Ei kjerneoppgåve i skulen er å gje alle elevar tilgang til heile det norske språket, uansett om ein veks opp mellom bakkar og berg eller ut med havet. Dette gjev oss eit felles språkleg utgangspunkt. Når alle får lære både nynorsk og bokmål, får vi fridom til å velje kva skriftspråk vi vil skrive i framtida – for ikkje å snakke om fridom til å bruke begge, og veksle mellom dei. Det handlar ikkje om å tvinge alle til å skrive begge, men om å gi kvar og ein ekte valfridom.

Sidemål = inkludering
Eit moderne Noreg må ha plass til dei som vil bruke nynorsk. Å skrote sidemålsordninga vil gjere samfunnet vårt mindre inkluderande. Språkarven vår er ein stor rikdom, og denne har alle ansvar for å ta vare på. Det gjer vi når vi brukar nynorsk i alle samanhengar, og ser at andre gjer det same.



■ **leiarteigen**



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

Obligatorisk opplæring i begge språka gjer nynorsken synleg og tilgjengeleg. Dette er med på å styrkje nynorsk sin posisjon som eit samfunnsberande språk og sikrar at mindretalet ikkje blir pressa ut av det offentlege rommet.

Sidemål = rettferd
Som eit mindre brukt språk treng nynorsk ei eiga styrking som bokmål ikkje treng. Språklova gjev staten dette ansvaret. Det rimar ikkje med å kutte nynorskopplæring frå skulen. Vi må heller favorisere nynorsk heilt til det er like lett å vere nynorskbrukar som det er å vere bokmålsbrukar.

Om ikkje alle får møte nynorsk på skulen, vil nynorsken forsvinne frå kvardagen til folk. Det er ikkje berre ein hypotese – det er realiteten i store delar av landet.

Sidemål = kunnskap for framtida
Å lære to språk er ikkje sløsing med tid, det er investering i språkforståing. Elevane får større ordtilfang, betre grammatisk



Thomas Brun / NTB Kommunikasjon

aman som nasjon

oversikt og meir presis språkføring. Det finst massevis av forskning som viser at det å lære fleire språk samstundes styrkjer den generelle språkkompetansen til elevane. Å kunne skrive godt er ettertrakta i stadig fleire delar av arbeidslivet. Vi må forstå kvarandre og kunne bruke kvarandre sitt språk. Den nynorske kulturhistoria er sentral norsk almennkunnskap kvar enn du går i li og fjell.

Sidemål = prioritering
Ein samla norsk karakter høyrer betre ut enn det er. For når sidemål ikkje tel som eigen karakter, blir det nedprioritert – både av lærarar og elevar. Eigen karakter betyr at faget vert teke på alvor, at læraren må planleggje god undervisning, at elevane får tilbakemelding på det dei faktisk lærer og at skulen ikkje kan kutte det vekk. Når du får karakter i noko, forstår du at det er viktig.

Sidemål = god opplæring
Vi veit at mange elevar og lærarar strevar med sidemålsopplæringa. Det er ikkje nødvendigvis fordi nynorsk er vanskeleg, men fordi opplæringa startar for seint, undervisninga er lite motiverande og mange lærarar sjølve er usikre i språket. Løysinga kan ikkje vere at elevane ikkje lenger skal få lære både nynorsk og bokmål. Tvert om. Vi treng tidlegare start med sidemål, meir nynorsk i alle fag, og tryggare lærarar som kan drive systematisk, god og engasjerande opplæring i og på nynorsk.

Sidemål = nynorsk ...
...og bokmål, men sidemålsordninga er viktigast for nynorsken. Det gjev tryggleik for nynorskbrukarane å vite at alle har fått opplæring i nynorsk, slik at dei kan bruke språket fritt i heile landet. Ei svekking av sidemålsordninga er difor ei svekking av nynorsk. Vi treng politikarar, lærarar, foreldre og elevar som vågar å stå opp for at to skriftspråk er ein styrke og ikkje eit problem! Noreg er ikkje Noreg utan nynorsk. Det får ikkje Høgre og Frp ta frå oss.

“**Vi treng politikarar, lærarar, foreldre og elevar som vågar å stå opp for at to skriftspråk er ein styrke og ikkje eit problem!**”

sagt

Høgre og Frp skriv i mindretalsmerknad at dette er «ein rein omkamp». Det har dei rett i, og vi vant omkampen.
Peder Lofnes Hauge

Det eneste problem, jeg hadde, var, at der allerede i Fosses sætninger er så meget musik, at jeg kunne være bange for, at musikken ville være overflødig.
Bent Sørensen

Jeg trodde ikke en nynorsk roman om aurefiske, breer og gamle lover skulle holde meg våken til klokka to på en ukedag.
Torstein Hoset i Stavanger Aftenblad

Til Skyss. Blir reisedikt skrevet på nynorsk og dialekt prioritert over de som er skrevet på bokmål? Synes det er sjelden jeg leser noen bokmålsdikt.
Bokmålsdamen til BA

Så ja, lær deg norsk. Det er en gave. Men ikke stopp ved B2. Ikke stopp ved bokmål. Utforsk musikken i de mange stemmene som finnes her. Det er først da du virkelig begynner å forstå dette landet.
Lorelou Desjardins til Klar Tale

Nynorskeksamen har gått viralt på TikTok.
Kari Anne Eikeland i Nettavisen

Ikke pynt. Ikke velg fine ord. Ikke pynt. Ikke snu setningene slik at de blir mer poetiske. Ikke pynt. Ikke bli fargerik. Stol på enkelthetens kraft. (Meeeeget god forberedelse til å oversette Vesaas).
Hinrich Schmidt-Henkel om å omsetja Jon Fosse til tysk

Den Målblomen, den mener jeg vi bør sørge for å skaffe oss nå.
Atle Antonsen i Misjonen på P4

Dette verket er også en milepæl for opera på nynorsk, nå på spranget ut mot verdensscenen, og det er ikke noe problem at danske og svenske sangere må arbeide litt ekstra med nynorske diftonger og diksjon: De klarer seg fint.
Erling E. Gulbrandsen på Ballade.no

Sidemålsordninga står på spel før det komande stortingsvalet. Framstegspartiet vil innføra valfri opplæring i sidemål, medan Høgre går til val på å fjerna eksamen og karakter i sidemål.

– Nedbygging av sidemålsordninga vil først og fremst ramma nynorskbrukarane

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Slike endringar vil vera dramatiske, meiner Synnøve Marie Sætre, leiar ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret):

– Sidemålsordninga er ein hjørnestein for jamstillinga mellom nynorsk og bokmål. Ho er ein viktig føresetnad for at me som brukarar av eit mindretalsspråk har rett til å både bruka og bli møtt med språket vårt i alle delar av samfunnet, fortel ho.

11,2 % av elevane i grunnskulen har no nynorsk som hovudmål, ifølgje Statistisk sentralbyrå. Dei 71 000 nynorskelevane har bokmål som sidemål, medan fleirtalet – over ein halv million elevar – har nynorsk som sidemål.

– Ei nedbygging av sidemålsordninga vil først og fremst ramma det nynorskbrukande mindretalet, seier Øystein A. Vangsnes, professor og leiar av C-LaBL Senter for språk, hjerne og læring ved UiT, og leiar av forskingsprosjektet Multilektal skrivekunne i opplæringa.

– Då blir det endå færre som kan språket deira, og det blir dermed endå vanskelegare å bli verande nynorskbrukar. Vilkår

for nynorsk vil rett og slett bli svekte, fortel han.

– På ein måte kan ein seia at dei som vil fjerna sidemålet, ikkje lenger er villige til å ta noko ansvar for nynorsk. Anten ser dei ikkje verdien av å ha den forma for norsk språk, eller så forstår dei ikkje kor verdifullt det er at også bokmålsbrukarar er kunnige i og om nynorsk, seier Vangsnes.

Betre resultat med nynorsk

– For eg tykkjer det er viktig å peika på korleis nynorsk også er gunstig for bokmålsbrukarane, ikkje minst bokmålslevane, seier Vangsnes.

– Kva tenkjer du på då?

– Eit argument ein stadig møter frå dei som vil fjerna obligatorisk sidemålsundervisning, er at ein då kan konsentrera seg om å bli god i hovudmålet: Bokmålslevane kan bli betre i bokmål dersom dei berre slepp å bruka tid på nynorsk. Men det er ikkje slik språklæring verkar. Tvert imot er det grunn til å seia at den meir varierte språkerfaringa ein får gjennom sidemålsordninga, styrkjer den generelle språkkompetansen og dermed også hovudmålet, fortel Vangsnes.

– Ein kan samanlikna det med idrett: Alle idrettsutøvarar driv med variert grunntrening og øver

ikkje utelukkande på dei oppgåvene dei skal gjennomføra i sjølve tevlinga i den gitte idretten. I det perspektivet kan ein sjå på sidemålsopplæring som ei form for språkleg grunntrening.

– Og me veit jo at nynorskelevane – som nødvendigvis får meir variert språktrening på grunn av bokmålsdominansen i samfunnet – statistisk sett har betre skuleresultat enn bokmålslevane, ikkje berre i språk, men også i til dømes matematikk.

Vangsnes, Göran Söderlund og Morten Blekesaune publiserte i 2015 forskingsresultat som viser at kommunar med nynorskelevar skårar betre på nasjonale prøver når ein tek omsyn til sosioøkonomiske tilhøve. Dei føreslo at effekten kom av den såkalla tospråklege fordelten i kognitiv utvikling.

Levedyktig, men uforløyst

Sidemålsordninga har vore gjennom fleire endringar berre dei siste åra. Dei nye læreplanane frå 2019 fjerna sidemålskarakteren i halvårsvurderingane for 8. og 9. trinn, og for VG1 og VG2. I den nye opplæringslova frå 2023 gjekk regjeringa vekk frå hovudregelen om at sidemålsundervisninga skulle ta til frå 9. klasse. I staden skal alle elevar verta eksponerte for sidemålet sitt allereie frå dei første åra på barneskulen.



SPRÅKFORSKAR: – Det er viktig å peika på korleis nynorsk også er gunstig for bokmålsbrukarane, seier Øystein A. Vangsnes. Foto: UiT

– Korleis fungerer sidemålsordninga i dag?

– Sidemålsordninga er absolutt levedyktig i noverande form, og det er stort rom for å driva god sidemålsopplæring innanfor rammene for ordninga slik ho er i dag, seier Synnøve Marie Sætre.

– Det er nok likevel stor variasjon i sidemålsopplæringa

Viktige år for sidemålsordninga

1869

■ Stortinget vedtek ny lov om offentlege skular. Gamalnorsk vert ein obligatorisk del av morsmålsundervisninga.

12. mai 1885

■ Stortinget fattar jamstillingsvedtaket, som likestillar

landsmålet med dansk som skriftspråk i Noreg:

■ «Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.»

1892

■ Stortinget vedtek målparagrafen i lands- og byskulelovene, som konkretiserer jamstillingsvedtaket og gjer nynorsk til lovleg skulespråk.

■ «Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog. Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal

være affattede paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket af disse maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal. Inden Skolestyret fatter sin Beslutning, skal Overtilsynets og derefter Kredens Erklæring være indhentet.»

■ Skulemålsrøystingane vert ikkje gjort bindande, slik skulelovkommisjonen føreslo i 1889. I staden vert dei rådgjevande, noko dei framleis er i 2025.

1902

■ Den nye lærarskulelova tek til å gjelde, med krav om både pensumtekstar og



RETT MED AVSLAG: – Nynorskfritak er ikkje valfridom, skriv Åse Wetås, direktør i Språkrådet. Foto: Språkrådet / Moment Media

elevane får, og der er eit utnytta potensial for god sidemålsopplæring både med tanke på når elevane vert introduserte for sidemålet og korleis opplæringa går føre seg. Læreplanen legg til dømes opp til at elevane skal møta både nynorsk og bokmål frå starten av barneskulen av, og at dei skal eksperimentera med skriving på

sidemålet på barneskulen. Me veit ikkje så mykje om korleis dette vert praktisert ute i skulen, men me veit at elevane har godt utbyte av å starta med sidemålsopplæringa tidlegare enn på ungdomsskulen. Det er òg viktig at elevane møter sidemålet på ein god måte, at dei vert eksponerte for språket og får arbeida utforskande med

NYNORSKSENTERET: – Sidemålsordninga er ein hjørnestein for jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, seier Synnøve Marie Sætre. Foto: Kristianne Marøy

det, og at opplæringa er integrert i norskfagleg arbeid òg i andre fag, seier Sætre.

Ny didaktikk

– Ei utfordring er nok at sidemålsundervisninga ofte ikkje har det generelle språktreningsaspektet som berande prinsipp, seier Vangsnes.

– Lese- og skriveforskarane Marte Blikstad-Balas og Astrid Roe har dokumentert at undervisninga i nynorsk som sidemål er prega av tradisjonelle tilnærmingar der ein gjerne terpar på grammatikk, puggar bøyingsmønster og nyttar andre lite engasjerande undervisningsformer.

– Ein bør arbeida fram ein nynorsk sidemålsdidaktikk som i større grad legg vekt på meir jamleg eksponering og bruk. Ein bør i større grad etterlikna det som er den reelle situasjonen for nynorskelevar som møter bokmål heile tida utanfor skulen.

– Dersom skulane tek læreplanen i norsk alvorleg og faktisk

startar med nynorsk på mellomtrinnet (5.–7. trinn) og held fram med ein bruksbasert sidemålsdidaktikk på ungdomstrinnet, trur eg ein både kan byggja ned traderte negative haldningar og styrka den faktiske kompetansen i nynorsk hjå bokmålslevar.

– Opplæring i nynorsk som sidemål står altså ikkje i vegen for at bokmålslevarne skal bli gode i hovudmålet sitt?

– Nei, tvert imot. Det største trugsmålet mot utvikling av gode norskferdigheiter hjå den oppvekssande slekt, er engelsk. Den vel-dige påverknaden frå den globaliserte engelskspråklege kulturen viser seg tydeleg i både språkbruk og -kompetanse hjå born og unge i dag. På den eine sida er dei langt meir kunnige i engelsk no enn tidlegare, men det kjem for mange på kostnad av større usikkerheit – og treffsikkerheit – i norsk.

Her er sidemål viktig: Aktive kunnskarar i begge dei norske språkførmen auka forståinga av og medvitnet om norsk, og slik kan

eksamensprøving på både målformer. For fyrste gong vert landsmålet obligatorisk skriftleg eksamensfag.

- Om pensum står i § 8: «Forstandig og udtrykksfuld Læsning af vort Sprog i dets forskellige Former. – Kjen-dskab til Bogmaalets og Landsmaalets Sproglære. [...] Gjennemgaaelse af et Udvalg

af Bogmaalets og Landsmaalets Literatur.»

- Om eksamen står i § 23 (1): «Der gives to Opgaver. Elev, som har affattet begge i samme Sprogform (Landsmaal eller Bogmaal), skal desuden underkaste sig en Prøve i skriftlig Gjengivelse af et oplæst Stykke eller i at skrive en let Stil af fortæl-

lende Indhold i den anden Sprogform.»

1907

- Sidemålsordninga vert innført. Stortinget endrar gymnaslova frå 1896, som opna for at elevane kunne levere eksamen på landsmål. No skal alle gymnasiastar skrive stil også på sidemålet sitt til

eksamen, slik det var bestemt for lærarstudentane i 1902.

- «Ved artium gives to skriftlige opgaver. Disse kan besvares saavel paa landsmaal som paa almindeligt bogmaal. De eksaminander, som besvare begge opgaver i samme sprogform, skal underkaste sig en tillægsprøve bestaaende i en let stil af fortællende eller

skildrende indhold i den anden sprogform.»

1935

- Den nye gymnaslova krev skriftleg sidemål for alle elevane i den nyoppretta realskulen.
- Fra § 5: «I realskolen skal elevene få skriftlig oplæring både i bokmål og nynorsk.»

me seia at det utgjer eit bolverk mot den massive engelskpåverk-
naden.

Sidemål frå 2025
– *Korleis trur du framtida for side-
målsordninga ser ut?*
– Om framtidas opplærings-
politikk er kunnskapsbasert, trur
eg at sidemålsordninga ser gan-
ske lik ut som ho gjer i dag, seier
Sætre på Nynorsksenteret.
– Så håper eg at me får ein ny
felles rammeplan for lærarutdan-
ningane som stiller språkkrav til
fleire av utdanningane enn i dag, at
potensialet i læreplanen med tidleg
start og utforskande språkopplæ-
ring vert utnytta. Den viktigaste
endringa eg ynskjer meg, er at alle
lærarutdanningar rustar studen-
tane til å bli gode nynorsklærarar.
I vinter fekk både Nordland og

Vestfold fylkeskommunar avslag
på søknadar om forsøk med val-
fritt sidemål i vidaregåande skule.
Utdanningsdirektoratet meinte at
forsøka ikkje ville vera i samsvar
med ansvaret fylkeskommunen
har for å bruka, utvikla og styrkja
både bokmål og nynorsk.
Om søknadane skreiv Åse
Wetås, direktør i Språkrådet,
dette i Utdanningsnytt: «Eit lik-
nande forsøk vart gjennomført
ved ni vidaregåande skular i Oslo
2004–2007. Den gongen kom
ein fram til at forsøket ikkje gav
tydelege gevinstar, men at elevar
som hadde skriftleg sidemåls-
opplæring, ikkje fekk den under-
visninga dei hadde krav på, og
dermed kom dårlegare ut fagleg
enn dei elles ville ha gjort. Det er
ikkje forsvarleg å utsetja endå eit
elevkull for den same risikoen.»

Etter Oslo-forsøket har styres-
maktene avvist alle framlegg om
forsøk med valfri sidemålsunder-
vising.
– *Vil forsøk som desse ha noko
for seg?*
– Slike negative sidemålsfor-
søk er politisk motiverte dårleg
skjulte framstøyt for å fjerna side-
målsordninga, seier Øystein A.
Vangsnes.
– Dei er ikkje forankra i nokon
reelle forskingsspørsmål, har
ikkje noko forskingsdesign som
held mål, og det er heilt på sin
plass at dei vart stogga. Men eg
skulle gjerne ha likt å sjå eit stor-
skala positivt sidemålsforsøk med
ulike intervensjonar i vilkårleg til-
ordna grupper: Ëi gruppe kunne
fått vanleg sidemålsopplæring,
ei anna styrkt sidemålsopplegg
i norsktimane, ei tredje større

eksponering for sidemålet utan-
for norsktimane, og ei fjerde ein
kombinasjon. Ein kunne jamvel
hatt ei gruppe som ikkje fekk
anna sidemålsopplæring enn å
lesa nynorsk litteratur, som er det
framlegget ein del politikarar vil
sukra den valfrie sidemålspillen
med.
– Ein masterstudent eg rett-
leidde ved UiT, Kristine Bårdsen,
gjennomførte for nokre år sidan
ein slik studie i liten skala på ein
ungdomsskule i Nord-Noreg. Kort
fortalt var funnet at klassane som
fekk meir nynorsk, hadde ein
positiv effekt av det, men interes-
sant nok var det ingen stor skil-
nad på å berre lesa meir nynorsk
og det å i tillegg ha meir fokus på
nynorsk i norsktimane. Kanskje
er det rett og slett ikkje så mykje
som skal til?

- 1969**

 - Sidemålsordninga vert stadfesta i den nye grunnskulelova.
 - Frå § 41: «Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. (...) Eleven avgjer sjølv kva hovudmål han skal nytte.»
- 1998**

 - Læreplanane, frå og med M74, tek gradvis over meir av den faglege rettleiinga for skulane.
 - Sidemålsordninga vert nok ein gong stadfesta i den nye opplæringslova, som samlar reglane om grunnskulen og vidaregåande opplæring i same
- 2023**


 - Lov. Ho tek til å gjelde frå skuleåret 99/00.
 - Frå § 2-5: «Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i både bokmål og nynorsk. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring.»
- 2023**

 - Sidemålsordninga vert utvida. Den nye og nogjeldande opplæringslova fjernar kravet om sidemålsopplæring frå 9. klasse. I staden kjem ein generell regel om opplæring i både skriftspråka:
 - Frå § 3-1: «Elevane skal ha opp-
læring i bokmål og nynorsk.»
 - I lovframlegget legg departe-
mentet vekt på at læreplanen
allereie krev at sidemålsopplæ-
ringa startar i 1. og 2. klasse, ved
at elevane skal lytte og samtale
om tekstar på både bokmål og
nynorsk.

DIFF



Den internasjonale Fossefestivalen i september er ein festival med Jon Fosse sin mangfaldige forfattarskap som eit samlande utgangspunkt. Festivalen skal romme både internasjonale gjestespel, eigne produksjonar og eit fagprogram som tar sikte på å utforske scenekunsten frå ulike perspektiv.



VINTER

Av Jon Fosse



SKODESPELET

Av Jon Fosse



DER NAME (DE)

Av Jon Fosse



QUI A TUÉ MON PÈRE (DE)

Av og med Édouard Louis

DET
NORSKE
TEATRET



netnordic

Som medlem i Noregs Mållag får du alltid 20% rabatt på billetter til ordinær pris. Bruk rabattkode: **medlem** detnorsketeatret.no

KONG HARALD:

– Så lenge vi har to skriftmål i landet, må vi lære å meistre både språka. Difor er det rimeleg å halde på sidemålsopplæringa i skulen.



CARL MARTIN EGGESBØ:

– Som Oslo-gut og opprinneleg bokmålsbrukar må eg seie det rett fram: Verda mi er rikare fordi eg har lært nynorsk! Anten eg skriv sjølv, les nynorsk litteratur eller pratar med folk med andre dialektar eller andre skandinaviske språk. Takk til ungdoms-Carl Martin, som tok seg tida til å pugge! Eg elsker deg for det!



Foto: Eirik Malmø

KRISTOFFER OLSEN:

– Eg er blitt vaksen og har skjont at nynorsk berre opnar ei heilt ny verd. Det er eit forfriskande, fargerikt og deilig språk som vi må ha. Heia nynorsk!



Foto: Monica Tormassøy



Foto: Thomas Brun NTB / Kommunikasjon

SOPHIE ELISE:

– Eg likte alle faga der vi fekk lesa, skriva eller snakka om tekst. Difor hamna også nynorsk høgt opp på lista.

TORE RENBERG:

– Eg meiner nynorsken er knallfin og gir meir enn han tar. Eg har blitt tospråkleg og eg ser det som at eg har fått eit ekstra språk, eg ser det som moglegheiter, ikkje hindringar.



Foto: Ingeborg Skrudland



Foto: Daniel Bryn

SIGRID BONDE TUSVIK:

– Eg gidd ikkje at vi ikkje likar nynorsk.

Kva meiner partia o



FRAMSTEGSPARTIET

Grunnutdanningen

Godt språk er viktig. Hovedvekten må legges på norskundervisningen, og opplæring i sidemål og andre fremmedspråk enn engelsk må være valgfritt.

- FrP vil sikre valgfri opplæring i sidemål og andre fremmedspråk enn engelsk.

Videregående utdanning

Opplæring i sidemål og andre fremmedspråk enn engelsk må være valgfritt.

- FrP vil ha valgfri sidemålsundervisning i videregående utdanning.

Modernisering av offentlig sektor

- FrP vil fjerne krav om sidemål i det offentlige.



ARBEIDARPARTIET

Kultur: en kultur å leve av og for

Arbeiderpartiet skal føre en aktiv språkpolitikk. Nynorskens stilling i det norske språk skal styrkes, og nynorsk språk og kulturuttrykk skal sikres gode utviklingsmuligheter.

- Ta vare på kulturarven. Kulturminner, kulturmiljøer og verdensarvsteder har betydning for folks identitet og er en viktig del av vår kulturarv. Vi skal ta vare på den materielle og immaterielle kulturarven, styrke museene, ivareta håndverkstradisjonene og sikre en god språkpolitikk.

Mer og bedre læring

- Arbeiderpartiet vil sikre at lærerutdanningen gir kompetanse til å undervise i og på nynorsk.



SOSIALISTISK VENSTREPARTI

Kultur og idrett

Kulturelt og språkleg er Noreg eit lite samfunn, under sterkt press frå den massive angloamerikanske konsumkulturen. SV ser det som ei hovudoppgåve å styrkje norsk språk og kultur.

- SV vil sørge for gode vilkår for demokratisk deltakelse for brukere av begge målformer gjennom en aktiv politikk for nynorsk.

Den digitale makta til fellesskapen

- SV vil sørge for at språkteknologien tek omsyn til dei norske skriftspråka og talemåla.

Ein praktisk og variert skule for alle

- SV vil sikre ei god sidemålsopplæring med eigen karakter i ungdomsskule og i studieførebuande opplæring, og sikre at nynorskelevar har like gode vilkår i skulen som bokmåselevar.



HØGRE

Videregående opplæring

- Høgre vil redusere talet på standpunkt-karakterar i norsk, slik at det blir éin karakter i norsk skriftleg og éin karakter i norsk munnleg i ungdomsskulen og vidaregåande skule, under dette ikkje ha eigen eksamen i sidemål

Norsk kulturarv og språk

God språkforståing er viktig for å forstå samfunnet, og det er den viktigaste kulturelle fellesmarkøren vår.

- Høgre vil byggje opp under både bokmål og nynorsk som skriftspråk



VENSTRE

Kultur

Språk er grunnlaget for frie ytringer. Venstre vil styrke norsk som samfunnsbærende språk og ta vare på det norske språkmangfoldet. Begge de to norske skriftspråkene, bokmål og nynorsk, skal være bredt representert i samfunnet, slik at det er like enkelt å bruke det ene som det andre.

Venstre ønsker et bredt utvalg av litteratur på alle norske skriftspråk og vil opprettholde mangfoldet i bokhandelen.

- At allmennkringkastere som NRK og TV2 skal ha like og skjerpede språkkrav, også på nett.
- Styrke nynorsk og samisk skriftkultur og andre kulturuttrykk.

Grunnskole

- Venstre vil styrke sidemålsordningen i skolen, blant annet ved å begynne den tidligere.
- Venstre vil sørge for at det lages mer undervisningsmateriale på samisk og de andre minoritetsspråkene i Norge, og sikre lik tilgang på digitale læremidler og læringsressurser i begge målformer.

Videregående opplæring

- Venstre vil beholde en egen karakter i sidemål.

m nynorsken?



KRISTELEG FOLKEPARTI

Språk og litteratur

Me må aktivt sikra gode bruks- og opplæringsvilkår for dei offisielle språka i Noreg og dei to likestilte målformene i norsk.

- Kristeleg Folkeparti vil sikra ei reell likestilling mellom bokmål og nynorsk i Noreg. Eit språk i mindretalsposisjon har eit vanskelegare utgangspunkt enn eit språk som blir nytta av fleirtalet. Det må derfor vera ei prioritert oppgåve å løfta statusen til nynorsk som bruksspråk, og fjerna hindringar som nynorskbrukarar møter.

Grunnskole

- Kristeleg Folkeparti vil behalda eigen karakter i norsk sidemål, hovudmål og munnleg.



RAUDT

Kultur

- Raudt vil auke støtta til NRK Nynorsk mediesenter, NTB Nynorsk pressekontor og Nynorsk avissenter.
- Raudt vil at nynorsk og bokmål skal vere likestilte språk på alle samfunnsområde i Noreg. Ei reell likestilling mellom skriftspråka skal grunnlovfestast.
- Raudt vil at alle statlege verksemder skal vera omfatta av Språklova, og at ho blir handheva strengare.
- Raudt vil at NRK skal halde på kravet om minst 25 % nynorsk på alle plattformer.
- Raudt vil auke bruken av nynorsk i statsforvaltinga.



SENTERPARTIET

Utdanning og forskning:

Nynorsk og bokmål er likestilte målformer i Noreg. Senterpartiet meiner at begge skrifttradisjonane skal sikrast. Dette krev ein særskild innsats for å styrkje det nynorske skriftspråket. På ungdomssteget og i vidaregåande skule skal det vere obligatorisk opplæring i begge målformer med eigen standpunktkarakter og eksamen i hovud- og sidemål. Det må setjast av nok midlar til utviklinga av nynorske læremiddel og læringsressursar, og alle læremiddel og læringsressursar må liggje føre på nynorsk og bokmål på same tid.

Høgare utdanning:

– Styrke norsk som fagspråk på nynorsk og bokmål. Tilsette ved norske universitet og høgskular har eit særleg ansvar for å utvikle, halde ved like og formidle eit godt norsk fagspråk.

Kultur, idrett og frivilligheit:

Senterpartiet vil sikre den norske kulturarven, og verne og styrkje språka Noreg har eit spesielt ansvar for. Det norske språket er under press frå engelsk på mange område i samfunnet. Det må derfor gjerast ein sterk innsats for å sikre og styrke norsk språk, både bokmål og nynorsk.

Skule

- Raudt vil at nynorskundervisinga må styrkjast gjennom positive forsøk, og at det blir oppretta nynorskklassar der det er grunnlag for det. Lærarutdanninga må sikre gode nynorsklærarar. Retten til nynorskklasse skal utvidast til å gjelde ut grunnskulen.
- Raudt vil at alle læremiddel må gjerast tilgjengelege på begge skriftspråka. Læringsplattformer og programvare skal alltid ha norsk språk som ei mogleg innstilling.



MILJØPARTIET DEI GRØNE

2.2.6 FORSKNING

Styrke arbeidet og videreutviklingen av norsk fagspråk i academia.

4. DEMOKRATI FOR ALLE

Likestilling mellom nynorsk og bokmål må realiseres, og norsk tegnspråk må bli en naturlig del av samfunnet.

4.12 SPRÅK

1. Grunnlovsfeste jamstillingen mellom bokmål og nynorsk.

11. Styrke bruken av nynorsk i offentlig kommunikasjon for å gjøre den reelt likestilt med bokmål.

13. Håndheve og styrke elevenes språklige rettigheter, og sikre at både digitale og fysiske læremidler skal gjøres tilgjengelige parallelt på begge målformer.

14. Jobbe for at studenter går ut av lærerutdanningene med kompetanse til å undervise i og på nynorsk, og at lærere har tilgang på etter- og videreutdanning som styrker deres kompetanse i nynorsk.

5.5 INTEGRERING OG INKLUDERING

7. Sikre videre utvikling av nynorsk-språklige læremidler og læringsressurser for voksne innvandrere, og yrkesrettet språkopplæring som helsenorsk.

Utsegnene er henta frå parti-programma for den komande valperioden til Stortinget. Nynorskutgåvene er nytta der dei finst.

Kommentar til parti-programma, s. 11.



VI STØTTAR NYNORSK I SKULEN FOR ALLE!

Vi er stolte av språket vårt og skriv nynorsk på jobb kvar dag. Bedrifta vår treng dyktige folk frå heile landet. Difor må alle i Noreg få lære både nynorsk og bokmål.



Nynorsk
bedriftsforum



Korrekt nynorsk – raskt og enkelt!

Med Tansa omset du enkelt teksten din frå bokmål til nynorsk eller frå nynorsk til bokmål. I løpet av sekund er teksten omsett, og du sparer verdifull tid.

- automatisk oversettelse av tekster mellom bokmål og nynorsk
- tilbyr ei plattform med ulike språkverktøy
- integrert i dine verktøy
- lokal språkstil

Tansa Systems AS | www.tansa.com



Med landsmøta gjennomførte og partiprogramma skrivne, teiknar dei språkpolitiske skiljelinene seg opp før stortingsvalet. Igjen er sidemålsordninga i spel, men **denne gongen er det alvor.**

Vel nynorsk, vel sidemål!

■ kommentar

■ Heile venstresida går til val på politikk som anten held på gjeldande reglar, eller styrkjer dei til fordel for nynorsken og språkmangfaldet:

Arbeidarpartiet ynskjer at «[n]ynorskens stilling i det norske språk skal styrkast, og nynorsk språk og kulturuttrykk skal sikrast gode utviklingsmoglegheiter.» Programmet kjem likevel ikkje inn på konkrete tiltak.

Sosialistisk Venstreparti vil «sikre at nynorskelevar har like gode vilkår i skulen som bokmåls-elevar», og føre ein meir offensiv politikk om språkteknologi. Partiet nemner styrking av sidemålsordninga som eit særskilt tema.

Senterpartiet vil sikre og stadfeste sidemålsopplæringa gjennom ungdomsskulen og vidaregåande skule, og utvide parallelitetskravet i opplæringslova til å gjelde alle læringsressursar, ikkje berre læremiddel.

Raudt ynskjer ein brei front for dei norske skriftspråka, og nynorsken spesielt. Partiet vil handheve språklova strengare, auke støtta til sentrale nynorskinstusjonar, og gjennomføre positive forsøk for å styrkje nynorskundervisinga. Raudt vil også grunnlovsfeste jamstillinga mellom nynorsk og bokmål.

Det same vil Miljøpartiet Dei Grøne, som derimot ikkje nemner sidemålsordninga særskilt i programmet sitt. Partiet er likevel oppteke av den reelle jamstillinga, både når det gjeld offentleg kommunikasjon og læremiddel i skulen.

Desse partia tek i varierende grad opp utfordringane som møter nynorsken og nynorskbrukarane. Alle har dei likevel ei positiv grunnhaldning til språkmangfaldet, og freistar å kome krava frå målrørsla i møte.

På borgarleg side står både Kristeleg Folkeparti og Venstre fast ved dei lange linene i norsk språkpolitikk. Venstre vil «styrke sidemålsordninga i skulen», m.a. ved tidlegare oppstart, og partiet skriv eksplisitt at eigen karakter skal vidareførast. Det same ynskjer KrF, som òg legg vekt på gode bruks- og opplæringsvilkår for både skriftspråka.

Ei slik innstilling trengst frå dei to mindre borgarlege partia, for hjå dei to store partia er situasjonen ein heilt annan.

Høgre går til val på å fjerne både eksamen og eigen karakter i sidemål. Samstundes vil partiet «bygge opp under både bokmål og nynorsk som skriftspråk», men det er uklart korleis det kan skje når ein ynskjer å byggje ned ein av grunnpilarane for tilhøva mellom dei. I mange år har motargumentet vore at Høgre ikkje vil fjerne undervisinga i sidemål, men også Høgre veit at karakterar motiverer til innsats hjå elevar og lærarar. I programmet går partiet talande nok ikkje inn for å fjerne andre enn sidemålsskarakteren, men heller «behalde eksamen og karakterar i ungdomsskulen og sikre at elevane får jamlege karaktervurderingar». Når det gjeld andre fag enn sidemål, ser karakterar framleis ut til å fungere.

Den potensielle regjeringspartnaren deira, Frp, går endå

lenger. Etter fleire valkampar med Fuck Nynorsk-kampanje frå FpU, har også morpartiet gira opp kampen mot språkmangfaldet. No krev partileiar Sylvi Listhaug at FrP får ta leiinga i Kunnskapsdepartementet, for å la elevane velje vekk sidemålet.

Kva som skal kome i staden for sidemålsundervisinga varierer derimot frå veke til veke. Ved nokre høve skal sidemålet ut av skulen for å rydde plass til meir privatøkonomi. Andre gonger er det hovudmålet til elevane som treng meir plass.

At det allereie er rikeleg med privatøkonomi på læreplanen, verkar ikkje partiet vidare interessert i. Heller ikkje forskinga som tilseier at sidemålsundervisinga også styrkjer hovudmålet til elevane, vekkjer merksemd hjå Frp. Grunnen seier seg sjølv: Frp vil korkje rydde i timeplanen eller gje elevane betre opplæring i andre fag – dei vil sjølve nynorsken til livs.

Framstegspartiet meiner at valfridom handlar om å kunne velje vekk viktig kunnskap i skulen. Men det er berre når elevane lærer både nynorsk og bokmål, at dei fritt kan velje kva språk dei vil bruke resten av livet.

I programma står framtida skildra svart på kvitt: Får H og Frp makta åleine etter valet, vil det gå ut over sidemålsordninga, jamstillinga mellom dei norske skriftspråka, og deretter mange andre språkpolitiske sigrar som har teke meir enn eit århundre å vinne. Det vil vere dramatisk for språkmangfaldet i Noreg, og det vil vere kritisk for nynorsken.

På fleire målingar i vinter har dei to partia vore i nærleiken av fleirtal åleine på Stortinget. Dermed er det reell sjanse for at dei kjem i posisjon til å gjere som dei har lova: byggje ned sidemål i skulen. Men før valet fell, er det ikkje for seint.

Jógvan Helge Gardar

“Får H og Frp makta åleine etter valet, vil det gå ut over sidemålsordninga, jamstillinga mellom dei norske skriftspråka, og deretter mange andre språkpolitiske sigrar som har teke meir enn eit århundre å vinne.

Vipps og Stø er årets nynorskbrukarar

Vipps og Stø AS (tidlegare BankID) er kåra til Årets nynorskbrukarar 2025 av **Nynorsk kultursentrum**.

■ Saman med prisen følgjer ei pengegåve på kr. 100 000. Selskapa har saman avgjort at desse pengane blir donerte til Noregs Mållag, øymerkt arbeid for meir digital nynorsk. Leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, er godt nøgd med avgjerda til styret i Nynorsk kultursentrum.

– Vipps og Stø er svært verdige vinnarar av Årets nynorskbrukar 2025. At ein no kan bruke Vipps og BankID på nynorsk, betyr meir nynorsk til veldig, veldig mange menneske. Det treng vi i våre bokmålsdominerte digitale kvardagar. At dei vel å gje prispengane til oss er veldig

stas. Dei vil kome godt med når vi skal jobbe vidare med digitalisering og språkteknologi på nynorsk! Gratulerer til Vipps og Stø, og takk for at de tek ansvar for nynorsken, seier Peder Lofnes Hauge.

– I 2025 er ikkje lenger digita-

“ **Denne prisen er vi veldig, veldig glade for å få! Å lansere Vipps på nynorsk var noko av det kjekkaste vi gjorde i fjor.**

Lars Tore Skau og
Ida Nicoline Glosimot
i Vipps

lisering noko nytt. BankID er over 20 år gammalt. Men den digitale sfæren er framleis eit domene der nynorsk er underrepresentert. Difor er det svært viktig at tenester som Vipps og BankID er tilgjengelege på nynorsk, seier Olav Øyehaug Opsvik, direktør for Nynorsk kultursentrum.

Vipps og BankID har høvesvis 4,4 og 4,5 millionar brukarar. Vipps blei gjort tilgjengeleg på nynorsk på nynorskdagen i fjor, 12. mai 2024, medan BankID vart tilgjengeleg på nynorsk 23. november 2023.

– BankID er for heile befolkninga og det var difor heilt naturleg å gjere tenesta tilgjengeleg på nynorsk. Vi er særsglade for å få denne prisen, seier Øyvind Westby Brekke, administrerande direktør for Stø AS.

– Denne prisen er vi veldig, veldig glade for å få! Å lansere Vipps på nynorsk var noko av det

kjekkaste vi gjorde i fjor. Vipps har etter kvart blitt ein kompleks app som rommar over 5 000 tekstar, som betyr at vi må halde nynorsken ved like kvar gong vi gjer endringar. På den måten er kvar dag ein nynorskdag hos oss. Det er triveleg, seier Lars Tore Skau og Ida Nicoline Glosimot i Vipps.

Kvart år deler styret i Nynorsk kultursentrum ut prisen «Årets nynorskbrukar» til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Prisen har vorte delt ut sidan år 2000. Blant dei tidlegare vinnarane er musikkgruppa Side Brok, forfattar Kjartan Fløgstad, *Framtida junior* og Bergen kommune.



VI STØTTAR NYNORSK I SKULEN FOR ALLE!

Vi er stolte av språket vårt og skriv nynorsk på jobb kvar dag. Bedrifta vår treng dyktige folk frå heile landet. Difor må alle i Noreg få lære både nynorsk og bokmål.





KLARE TIL KAMPANJE: Leiar Peder Lofnes Hauge og nestleiar Live Havro Bjørnstad.

Den største nynorsk-kampanjen på mange år

FrP og Høgre går til val på å skrote at alle lærer nynorsk i skulen. Derfor startar Noregs Mållag den største nynorskkampanjen på mange år.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Høgre går til val på å fjerne karakter og eksamen i sidemål, medan FrP går endå lenger. For fyrste gong krav FrP kunnskapsministeren, og gjer seg klar til å skrote sidemålsopplæringa for elevane.

– Kjærleik, kunnskap og hardt arbeid skal redde nynorsken frå

FrP og Høgre, seier leiar i Mållaget, Peder Lofnes Hauge.

Kampanjen heiter **Nynorsk i skulen for alle!** og skal løfte fram verdien av sidemålsordninga, og kor spesielt viktig ho er for nynorsken som mindre brukt språk. Logoen til kampanjen er eit nynorsk-hjarte, med undertittelen **Ekte valfridom krev tospråkleg opplæring.**

Peder Lofnes Hauge er ikkje i tvil: – Sidemålsordninga i norsk skule er avgjerande for nynorsken som nasjonalt språk, og noko alle som er glade i nynorsk bør vere med på å kjempe for.

Fyrste nynorskveka i historia

Frå 6. til 12. mai vart også nynorskveka arrangert for fyrste gong, med nynorskdagen 12. mai som den store festdagen.

– Noregs Mållag har invitert alle skular, alle barnehagar og

alle bibliotek i landet til å markere veka på sitt vis. Responsen har vore utelukkande positiv, og vi trur mange fleire nordmenn vil møte nynorsk denne veka, seier Peder Lofnes Hauge.

– I fjor kom Vipps på nynorsk 12. mai, og vi vonar på fleire gode nyhende i år.

Med nynorskveka fekk mållagskampanjen ein ordentleg pangstart. Over 130 lokallag har bestilt kampanjepakker og stiller seg opp på stand over heile landet. Dei lokale tillitsvalde er klare med alle dei gode argumenta for kvifor sidemål i skulen er eksistensielt for nynorsken. Dei tek gjerne praten over ein sidemålskaffikopp og kampanjesjokolade.

– 16 000 medlemmer gjer Mållaget til ei stor politisk kraft, seier Peder Lofnes Hauge. Dette er ei viktig sak for oss, og den skal vi vinne!

Ruter-appen på nynorsk!

Er du ein av dei som brukar Ruter-appen? No kan du skifte språket til nynorsk.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

Ruter er ein av Noregs mest brukte appar. Med den kan du kjøpe billetter til kollektivtrafikk i Oslo og Akershus. Kvar veke er det heile 900 000 som brukar appen, og i 2024 registrerte Ruter over 395 millionar reiser. Fram til i år har språkvalet stått mellom bokmål og engelsk, men no kan du endeleg velje nynorsk. Nyvinninga vart lansert på sjølvaste nynorskdagen, 12. mai.

– At Ruter lagar nynorskversjon av appen sin er skikkeleg stas og kjempeviktig for veldig mange menneske som no får møte meir nynorsk i kvardagen, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

– Ruter tar språkansvar og viser sjølvtilitt når dei rettar ryggen og ropar: Vi finst også på nynorsk! Ruter gjer det lettare å vere nynorskbrukar – også i eit digitalt samfunn!

– For mange er nynorsk meir enn eit språk. Det er ein bit av heimstaden du ber med deg, uansett kor du er i verda. I Ruter trur vi at kollektivtransport handlar om meir enn å kome seg frå A til B – det handlar om å skape tilhørse. Når vi no tilbyr appen vår på nynorsk, ønskjer vi å gi alle brukarane våre moglegheita til å reise med språket som kjennest som heime, seier Bernt Reitan Jenssen, administrerande direktør i Ruter.

Slik får du Ruter-appen på nynorsk:

- iPhone (iOS) og Android
- Sjekk at du har lagt til nynorsk som språk i systeminnstillingane på telefon
- Opne Ruter-appen
- Gå til ProfilVel Innstillingar
- Gå til Språk
- Vel Føretrekt språk
- Vel Nynorsk



Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, og Elisabeth Skarsbø Moen, direktør for samfunn og kommunikasjon i Ruter.

Thomas Brun, NTB Kommunikasjon

Stortingsmann Anders Lothe og d landsmålsstilen til millomskuleek

Eit 27 aars maalminne

■ Den lange kampen for sidemålsordninga har vore prega av dei store samskipnadane, men òg av innsats frå tusenvis av enkeltmenneske, ofte utan tanke for følgjene det kunne få for dei personleg. Under tek me fram att ei av desse historiene, saga om Anders Lothe og den fyrste landsmålsstilen til mellomskuleeksamen. Stykket av overlærer Karl Egge stod fyrste gong på trykk i *Den 17de Mai* 4. februar 1928.

Anders Lothe (1875–1962) var lærar, redaktør og målmann. Han var ein av pådrivarane ved skipinga av både Firda Mållag og Firda Gymnas på Sandane, og sat fleire periodar på Stortinget for Arbeidarpartiet.

Av overlærer Karl Egge

Det var um vaaren 1901. Vi fyrste laget fraa Gloppen private millomskule, var komne til Bergen og skulde ta millomskuleeksamen paa Tanks handels- og real-skule. Vi var ikkje høge i hatten, må du tru, daa vi stemnde inn paa By-vaagen og la attaat Nykirkekaien, Bergen var no Bergen, og bergensarane gjekk det no so ymse snakk um. Og vi var berre nokre stakkars privatistar og gudsord fraa landet.

Vi ottast, og fekk kneskjelven. Men lærarane, med skulestyrar Bendixen i brodden, var makelaust gilde, og skulegutane paa Tanks skule so beinsame og hjelpsame mot oss at vi vart dei beste vener. Det er noko eg aldri skal gløyma: Bergen og Bergens-gutane.

Men likevel, slikt uppstuss og leven har det vel aldri vore til millomskuleeksamen i gamle Bjørgvin korkje fyrr eller sidan.

Kva var det no som skaka folk so upp?

Berre ein landsmaalsstil. Og opphavsmannen var Anders

Lothe, no stortingsmann og arbeidarrepresentant fraa Sogn og Fjordane. Anders Lothe kom til Gloppen millomskule hausten 1900, og gjekk der 1 aar. Men alt daa hadde han vore lærar i fleire aar, Han kom som ein sterk blaaster inn millom oss «skårungar». Nasjonal og politisk interessert hadde han vore alt lenge. Men det gjekk med Lothe som med so mange andre bondegutar i dei dagar: dei vart staalsette og vekte til ny strid av sjølve storgubben Bjørnson. I slutten paa 90-aara gjorde Bjørnson strandhogg og reiste nidstong mot den norske maalreisninga og bøndene. Den 23. oktober 1899 heldt han den vidgjetne talen sin i Losjen i Oslo um «Maalsagens Stilling i vort Kulturliv».

Bjørnsons herrop dunde over alt landet. Riksmålsforeningar vart skipa i bygd og by. Soleis i Bergen.

Landsungdomen og maalmennene vart eggja til strid verre enn fyrr.

Hausten 1900, spurde Per Riste i Volda i «Den 17de Mai» statsraad Wexelsen um ein hadde lov til aa skriva norskstilen til millomskuleeksamen paa landsmaal.

Wexelsen svara straks i «Den 17de Mai» at det stod ingenting um det i reglementet, men naar ein hadde lov til aa skriva landsmaal til artium, so maatte ein ha lov til millomskuleeksamen og. Dette skal verta prøvt, tenkte Lothe. Med slike «revolusjonære» tankar var det at Anders Lothe kom til Bergen vaaren 1901.

So skulde vi skriva ein stil til norsklæraren paa Tanks skule Immanuel Ross (bror til Hans Ross), so vi ikkje kom altfor mykje utan øving til eksamen. Og Lothe skreiv stilen sin paa landsmaal. Daa small det.

Ross: «Tænker De at skrive Deres norske stil til eksamen paa landsmaal?»

Lothe: «Ja.»

Ross: «Men det er ulovligt.»

So fortel Lothe kva Wexelsen hadde svara Per Riste i «Den 17de Mai». Men det hjelpste ikke, det var ulovleg, sa Ross, og han vilde segja fraa til rektor Brekke, formannen i eksamenskommissionen.

Noko etter kjem Ross med melding fraa rektor Brekke at det var ulovleg aa skriva paa landsmaal til eksamen.

Saka vart no alvorleg; men for Lothe vart det ei æressak aa vinna. Det fekk vaaga seg. Den som no kunde skriva landsmaal, tenkte eg. Skal eg prøva likevel? «Nei, du stryk!» sa Lothe. Det var harmeleg dette. Lothe vart aaleine. Men so frette han at på millomskulen i Volda var det 2 elevar som vilde skriva landsmaal. Det var stor trøyst.

1. juni gjekk vi upp i norsk stil.

So vart det stilt nokre dagar. Lothe og eg budde i Vaskerelvsmuget. Vi var i slik spaning at det var uraad aa lesa. Uppatt og uppatt snakka vi um dette eine: Korleis vilde det gaa?

So kom kvelden daa karakterane vart uppslegne. Karakteren for Lothe sin stil vanta. Dagen etter gjekk Lothe til skulestyrar Bendixen paa Tanks skule og spurde kor det hadde seg at han ikkje hadde faatt karakter for stilen sin. Bendixen sa at han fekk gaa til rektor Brekke.

Og Lothe til Brekke og spurde um det same. Brekke sa det var ulovleg aa skriva stilen paa landsmaal. Lothe fortalde kva Wexelsen hadde svara. Rektor Brekke berre bles aat det. Men Lothe skulde faa halda fram med eksamen, og so koma att til hausten og skriva ny stil, sa han.

Det nekta Lothe. So gjekk han tilbake til Bendixen og fortalde kva Brekke hadde sagt. Det var daa Bendixen sa: «De farer stygt med dig, Lothe.» Lothe bad um aa faa att dei skriftlege bøkene sine han hadde levert inn, og so vilde han fara heim. Det nekta Bendixen beint fram. Det maatte lata seg gjere at Lothe fekk stilen att og skreiv han um til norsk-dansk. Nei, sa Lothe.

«Ja da vet jeg ingen raad med dig, Lothe,» sa Bendixen.

Det var ei lukke at det ikkje gjekk baatar til Nordfjord fyrr um nokre dagar. Det saag so vonlaust ut, at truleg hadde Lothe stroke heim med same, hadde det gaatt baat.

Dagen etter um ettermiddagen skulde vi upp i fyrste munnlege fag, tysk. Daa eg gjekk, bad Lothe meg helsa at han gjekk ikkje upp til den munnlege eksamen, og so sette han seg til aa skriva til dosent Gjelsvik. Lothe vilde blaasa upp til storstorm, og vilde faa Gjelsvik til aa ta seg av saka.

Fyrr um dagen hadde Lothe vore i «Bergens Tidende» og vilde finna redaksjonssekretær Johannes Lavik og fortelja han um stilen. Lavik var med i styret for

Vestmannalaget. Lavik var ikkje aa finna daa, og so sprang Lothe burt i BT um ettermiddagen (BT var daa utmed Engen, so det var ikkje lang vegen).

No var Lavik paa kontoret. Lothe bad um sa faa snakka med han. Lavik saag nøgje paa Lothe og trudde visst det var noko gale. Han saag etter at alle dører var vel att. «Eg saag vel so ut at han hadde grunn til aa ottast litt av kvart. Klipt meg hadde eg ikkje paa lange tider, og bleik var eg; det hadde teke paa meg, dette.»

Du maa tru Lavik kvikna daa Lothe fortalde han um stilen. Han spratt upp fraa stolen og var berre eld og glo. Lothe maatte berre skunda seg og gaa upp i tysk og halda fram med eksamen. Det skulde verta ei råd med stilen, sa han.

Lothe heim, treiv den tyske leseboka, og upp paa Tanksskulen. Vi var ute paa gangen. Her kjem Lothe setjande. Var inne og gjorde seg ferdig. Og so i same rennet tilbake til BT. Vi stod og gapte, eg trur vi fekk ikkje vita det grand av han. Men vi skyna noko hadde hendt. Han var tirøyg og sterk i andletet. Han bad ikkje lenger for seg.

I BT sat baade Johs. Lavik og Edv. Johannessen, formann i Vestmannalaget og kontorsjef hjaa Sundt & Co. Lavik hadde ringt han upp. So skreiv Lavik eit langt telegram til kyrkjestatsraad Wexelsen og Edv. Johannessen fylgde Lothe paa telegrafstasjonen med det.

Dagen etter kom det telegram til Lothe fraa dept. at han fekk vita svaret hjaa rektor Brekke. Lothe gjekk fyrst innum til Lavik og fortalde det. Lavik sa at han skulde beda om aa faa avskrift av telegrammet.

Brekke vart «bratt og spiss». Han fortalde innhaldet av svaret, at stilen til Lothe skulde sensurerast, og at Lothe skulde skriva ein ny tilleggsstil på dansk-norsk. «Men det går ikke jeg med på,» sa Brekke. Lothe bad um aa faa skriva av telegrammet; men det nekta Brekke han.

So gjekk Lothe tilbake til Lavik i BT og fortalde dette. Daa lo Lavik godt. Han hadde sjølv faatt einslydande telegram som det Brekke hadde faatt. So sende Lothe nytt telegram til dept., og sa kva Brekke hadde svara. Men no var Wexelsen ute paa reis, og nytt telegram kom ikkje fyrr jon-

en fyrste samen

sokaftan, daa var vi mest ferdige med eksamen.

No var Lothe trygg, tykte han, naar so gjæve folk tok seg av saka. Han roa seg, og arbeidde so hardt han vann med eksamen. Det galdt aa ikkje staa fast, um nokon av lærarane skulde finne paa aa ta hemn. Men det gjekk godt. Han var ikkje ute for noko av det slaget, fyrr i norsk munnleg, for Imm. Ross. Han var sur, so sensoren maatte til slutt ta Lothe i forsvar.

Bergensgutane paa Tanks skule var i straalande humør. Det var akkurat til pass, tykte dei.

Um stilen frette vi at han gjekk som ein raritet millom lærarane. Men det var ein framifrå stil. Rektor Brekke, hørde vi, hadde sett han til blank 1, den einaste i Bergen.

No, dagane gjekk. Kvar dag var Lothe innum til Lavik. Men han hadde ingen ting høyrte. Fraa Aalesund frette vi at dei i Volda maatte ta stilane att og skriva dei um til dansk-norsk.

So kom jonsokaftan. Daa kunde Lavik fortelje at den morgonen var det korne telegram fraa dept. um at stilen skulde sensurerast, og at Lothe skulde opp i ny tilleggsstil paa dansk-norsk.

Same morgonen hadde rektor Brekke ringt opp Lavik og spurt um han ville gaa inn i ein komite og sensurere stilen til Lothe. Lavik og Vetlesen paa katedralskulen sensurerte. Stilen fekk 1,5.

So var Lothe upp og skreiv ny stil, «En uveirsdag» Ja visst hadde det vore uver!

Den dagen vi møtte upp paa skulen og fekk vitnemaala vaare og sa takk for oss, daa kom Bendixen so strålende burt til Lothe fyrr utdelinga tok til, og fortalde kva karakter han hadde faatt for stilen.

Slaget var vunne, og Lothe hadde vunne! Vill jubel! Helsingar kom fraa folk i byen, kjendsfolk fraa Nordfjord kom upp og ynskte Lothe til lukke og jonsokaftan um kvelden kom Edv. Johannessen og henta Lotne. Dei skulde burt i Damsgården til Olav Rusti. Han vilde helsa paa Lothe. Rusti fann ut at dei var i slekt, han og Lothe. Og det var ikkje so av vegen, det.

Same aaret skreiv Albert Joleik paa landsmaal til embetseksamen. Muren var broten, leida lagd. Eksamensreglementet for millomskulen vart brigda. Etter den dagen kunde ingen nytta reglementet til stenge for landsmaalet.



Framme frå venstre: Vår nye reiseskrivar Nora Tangen Aarskog, Olav Hagelia, Ragnar Kaasa, Hege Haugen (nestleiar i Vest-Agder Mållag), Borghild Løver og Svein Morten Jeppetøl (styreleiar i Vest-Agder Mållag). Bak frå venstre Vidar Toreid (fyrste vara til Aust-Agder Mållag), Kristian Thaulé, Ulrik Thorsen, Audun Solli, Bjørnar Seljeskog og Eiliv Ulvestad Henschien (fyrste vara til Vest-Agder Mållag). Nestleiar i Aust-Agder Mållag Åslaug Haugå var diverre ikkje til stades då biletet vart teke.

Ungdomsrevolusjon på Agder

I vår har det gått føre seg ein ungdomsrevolusjon i fylkesstyra til **Mållaga på Agder**. Årsmøtet på Furuly i Evje valde styre til dei to fylkeslaga der halvparten av medlemene er under 26 år.

Ny leiar i Sogn og Fjordane Mållag

Synne Solberg, som allereie er fyrste nestleiar i Norsk Målungdom, vart valt til leiar i Sogn og Fjordane Mållag på årsmøtet i mars. Ho avløyste **Jorunn Simonsen Thingnes**.

Me gratulerer med nytt verv!



Nytt styre i Sogn og Fjordane Mållag!

Frå venstre: Kariann Fagerli, ny leiar Synne Solberg, Samuele Mascetti, Synneve Øien Frøyen, Terje Lyngstad og Tara Botnen Holm.

Leiarskifte i Surnadal

På årsmøtet i Surnadal Heimbygdlag 10. mars fekk leiar **Trygve Roaldset** avløyning etter å ha stått i spissen for laget sidan 2008. **Gerd Ingrid Kvendset** tok over leirolla, medan **Eirik E. Klinge** kom inn som fast medlem i styret.

Bokpengar til Sotra Mållag

8. mai delte Sparebanken Norge ut 50 000 kr til Sotra Mållag. Pengane skal laget nytta til å kjøpa nynorske bøker til skular og barnehagar i Øygarden kommune. Det var leiar **Kari Østervold Toft** tok imot pengane på vegner av laget.

– For ei glede det var å ta imot og for ei glede det blir å gje gåva vidare til barn og unge slik at dei får lese gode bøker på nynorsk! seier ho, og takkar hjarteleg for gåva.

Skjerpingsprisen til Rune Nedrebø

28. april fekk **Rune Nedrebø** Skjerpingsprisen av Stavanger Mållag. Prisen vart delt ut på Audbø i Sjernarøy av nestleiar **Anja Steinsland**, som del av ein kulturkveld der også **Ørjan Z. Johansen**, **Per Ivar Selvåg** og nestleiar i Noregs Mållag, **Live Havro Bjørnstad**, tok del.

Styret skreiv m.a. dette til grunningjeving:

Rune Nedrebø har ikkje stått fremst i språkkampen, men kvar dag vist at språket tel når bodskapen skal fram. Gjennom grunnmuren han bygde på Sjernarøy, har han gjennom eit stilsikkert språk skildra liva våra og debattane me er opptekne av, anten det var i *Dagbladet Rogaland*, *Bondevennen*, *Stavanger Aftenblad* eller *Øyposten*. På den måten har han sagt i frå om at mange treng å skjerpa seg, og med det vist veg for dei som tvilar eller har sett språket i skåpet.

Kyrkjebø Mållag 120 år

Kyrkjebø Mållag markerte jubileet med kake på årsmøtet som vart gjennomført 6. mars. Lokal trubadur **Arthur Hovland** underheldt med eigne viser.



Kyrkjebø Mållag feira sitt gjeve jubileum med ei særskild marsipankake. Foto: Heidi Beinnes



VI STØTTAR NYNORSK I SKULEN FOR ALLE!

Vi er stolte av språket vårt og skriv nynorsk på jobb kvar dag. Bedrifta vår treng dyktige folk frå heile landet. Difor må alle i Noreg få lære både nynorsk og bokmål.

Me i Voss Sparebank er opptekne av å levera framifrå banktenester på nynorsk.

Me har til og med han lvar på kortet.



Me støttar nynorsk i skulen for alle.

nynorskbanken.no





KAKEFEIRING: Stortingspolitikarar feirar styrking av språklova på Stortinget. Frå venstre Torstein Tvedt Solberg (Ap), saksordførar, Sofie Marhaug (Raudt), Ingrid Fiskaa (SV), Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Kathy Lie (SV), Per Olav Tyldum (Sp), Alfred Bjørlo (V) og Åslaug Sem-Jacobsen (Sp).

Stortingsfleirtalet styrkjer nynorsken i språklova

– Det er svært gledeleg at SV har fått med seg Ap, Sp og Venstre på å styrkje språklova, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag. Dagen etter at **kulturkomitéen** var klar med innstillinga, stilte Mållaget med kake på Stortinget for å feire.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Etter mange års kamp for å oppdatere og utvide mållova frå 1981, tok den meir offensive språklova til å gjelde 1. januar 2022. Lova har som føremål å styrkje norsk språk og fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk, men gjev òg vern og status til dei andre språka staten har ansvar for.

Då lova vart vedteken, sa Peder Lofnes Hauge at Mållaget «har jobba hardt for ei lov som er endå meir offensiv på nynorsken sine vegner». Før sumarferien kom gjennomslaget, då kulturkomitéen på Stortinget la fram innstillinga si til eit framlegg frå SV-representantane Kathy Lie,

Endringar i språklova

■ § 13 fjerde ledd: Sentrale statsorgan skal i dokument som er retta mot eit regionalt statsorgan, nytte fleirtals-språket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet.

■ § 16 andre ledd: Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført side-målsopplæring i grunnopplæringa.

■ § 17 Klagerett: Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren eller organisasjonar på vegner av mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.

■ Endringane får verknad frå 1. juli 2025.

Ingrid Fiskaa og Marian Hussein. Framlegget inneheld fem punkt som vart stemte ned i 2021, i tillegg til retting av to tilsynelatande arbeids-uhell i utforminga av lovteksten.

– Vi ser no at eit solid fleirtal på Stortinget vil føre offensiv norsk språkpolitikk, og det er viktig for nynorsken at dette fleirtalet har gått saman om å styrkje språklova. Det viktigaste grepet her er at «statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både nynorsk og bokmål i arbeidet», seier Peder Lofnes Hauge.

– Dette var eit viktig krav i den gamle mållova, men paragrafen blei svekt i Erna Solberg si språklov frå 2021. No skjerpar fleirtalet kravet til nynorskkompetanse i statsorgana, slår Hauge fast.

Mållaget er også godt nøgd med at fleirtalet på Stortinget vedtek at sentrale statsorgan som skriv til eit regionalt statsorgan, skal nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet.

– Enkelt fortalt tyder det at når Justisdepartementet skriv til Vest politidistrikt, så lyt dei gjere det på nynorsk. Med dette tek staten det språkpolitiske ansvaret sitt på alvor. Å kommunisere med arbeidstakarar og innbyggjarar på det som er fleirtalsspråket i det aktuelle området, er både respektfullt og naturleg, konkluderer Hauge.

Det er fleire parti som ikkje er representerte i kulturkomitéen. Raudt har allereie sagt at dei stør fleirtalet, og Mållaget vonar også MDG og KrF stemmer for når saka skal opp i Stortinget.

– Eg ventar at alle parti som ser på seg sjølve som nynorskvenlege, hengjer seg på fleirtalet i denne saka, seier Hauge.

Komitémedlemene frå Høgre og Framstegspartiet viste til at representantforslaget inneheldt fem framlegg som vart stemte ned av dei dåverande regjeringspartia ved vedtakinga av språklova i 2021, i tillegg til to nye. Dei varsla at dei ville stemme mot framlegget, som dei rekna som «rein omkamp».

– Det har dei rett i, og vi vann omkampen, seier Hauge.

Komitémedlemene frå SV, Sp og V meinte at Språkrådet bør føre tilsyn med fylkeskommunane på lik linje med andre statsorgan, men ville fyrst greie ut dei økonomiske og administrative konsekvensane av ei slik endring. Tilleggsframlegget fekk støtte frå KrF, MDG og Raudt, men fekk ikkje fleirtal.

Resten av endringane vart vedtekne i fyrste handsaming i Stortinget 6. juni, og allereie 1. juli vert dei gjeldande norsk lov.

Lite nynorsk i læringsressursane

Regjeringa har undersøkt korleis det står til med nynorske læringsressursar i skulen. Ny rapport viser at nynorskelevane møter **for mykje bokmål**.

JÓGVAN HELGE GARDAR

helge.gardar@nm.no

■ Då Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023, vart det ikkje lovfesta krav om nynorskutgåve av læringsressursar utvikla til bruk i skulen, slik mellom anna Noregs Mållag, Språkrådet, Utdanningsforbundet og ei lang rekke norske ordførarar kravde. Derimot bad Stortinget departementet undersøkje korleis situasjonen er i skulen. I slutten av mai kom rapporten frå NIFU.

Hovudfunna syner at berre 49 av 95 undersøkte læringsressursar hadde noko innhald på nynorsk. Av desse igjen er det



Kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun
Foto: Kunnskapsdepartementet

fleire som inneheld ein mindre del nynorsk, og det er vanskeleg å finne fram til det nynorske innhaldet som er. Rapporten slår også fast at mange av dei læringsressursane lærarane vel å bruke er på bokmål, fordi dei legg vekt på det faglege innhaldet.

– Denne rapporten viser at vi hadde rett då vi åtvara om at nynorskelevane møter for mykje bokmål i skulekvardagen, fordi mange av dei mindre læringsres-

sursane rett og slett ikkje finst på nynorsk, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

– Vi er ikkje overraska, og dette stemmer godt overeins med dei tilbakemeldingane vi har fått over tid frå fortvilte elevar, foreldre, lærarar og skuleeigarar i nynorsk-kommunane, seier Hauge.

Ein læringsressurs er mindre i omfang og ofte avgrensa til eit særskilt tema, og har ikkje krav om nynorsk og bokmålsversjon, slik læremiddel har. Likevel er bruken utbreidd. Rapporten frå NIFU slår fast at det er uklårt for både lærarar og elevar kva som er læringsressursar og kva som er læremiddel, og at denne definisjonsproblematikken kan utnyttast av produsentane. Dei kan sjonglere med omgrepsbruken og bruke andre merkelappar enn læremiddel på det stoffet dei ikkje utviklar på nynorsk. Mållagsleiaren meiner rapporten straks må føre til lovendring.

– Det er umogleg å sjå for seg at kunnskapsminister Kari Nessa

Nordtun ikkje fremjar lovendring for Stortinget etter å ha fått denne rapporten på skrivebordet sitt. Dei som utviklar ressursane, veit at dei kan sno seg unna svak lovtekst. Sårbare nynorskelevar har allereie mista verdifull tid, seier Peder Lofnes Hauge.

I ein e-post til Norsk Tidend skriv Kunnskapsdepartementet at rapporten berre er del éin av eit tredelt oppdrag: «Utdanningsdirektoratet skal først hente inn kunnskap om omfanget av bruken av læringsressursar som ikkje finst på begge målformer (del 1). Det er denne rapporten som no er levert. Vidare skal direktoratet vurdere i kva grad omfanget av bruken påverkar retten elevar med nynorsk som hovudmål har til opplæring på eige språk (del 2), og vurdere aktuelle tiltak (del 3). Vurderingane (del 2 og 3) skal vere gjennomførte innan 1. desember 2025.»

Først etter dette vil Kunnskapsdepartementet ta stilling til om det skal settast i verk tiltak.



VI STØTTAR NYNORSK I SKULEN FOR ALLE!

Vi er stolte av språket vårt og skriv nynorsk på jobb kvar dag. Bedrifta vår treng dyktige folk frå heile landet. Difor må alle i Noreg få lære både nynorsk og bokmål.

**NYNORSK
KULTURSENTRUM**

Ein nynorsk bokhandel midt i hovudstaden – det hadde nok Ivar Aasen likt

På sjølvaste nynorskdagen, 140 år etter jamstillingsvedtaket, var det høveleg å leggja markeringa til den **einaste nynorske bokhandelen i hovudstaden**. Og det var ikkje heilt unaturleg at eit portrett av Ivar Aasen pryda inngangspartiet.

JAN INGE FARDAL / NPK
jan.inge.fardal@npk.no

■ Ingen kan påstå at Fonna Forlag, som eig det me må kalla ein eksklusiv bokhandel, har slege på stortromma for å gjera det kjent at han eksisterer. Oslo fekk nemleg sin første nynorske bokhandel i august 2024, utan at det vart laga noko styr av det.

Men i månadane som er gått har lokalet i Nordahl Bruns gate, som bokhandelen faktisk deler med forlaget, vorte godt kjent i og for den lokale målrørsla i hovudstaden. Lokalet er nytta både til møte og samankomstar av ulikt slag, som markeringa av at det er 140 år sidan jamstillingsvedtaket.

Offisiell opning kjem

– Me har kanskje plass til rundt 20 personar, men då er det tettpakka, seier bokhandlar og dagleg leiar i Fonna Forlag, Kjartan Helleve.

Han er opphавеleg frå Voss og har vore aktiv i målrørsla i ulike roller i mange år. Han var i fleire år informasjonskonsulent i Noregs Mållag, og seinare dagleg leiar i Kringkastingsringen. Helleve er dessutan illustratør, mellom anna for bokserien «Drømmenes sykkelregister» av Erlend Loe, og han lagar og gir ut teikneserien om Vangsgutane.

– Dette er ein bokhandel som har eksistert sidan i fjor haust, men han har sett ut som ein bokhandel i berre nokre månader, seier Kjartan, som vurderer om det snart er på tide med ei offisiell opning.

Litt kjekt

– Det er jo ein slags kombo, dette. Det står ikkje Fonna på lokalet, så det er Nynorsk bokhandel for seg sjølv, men det er Fonna som eig han.

– Korleis har trafikken innom her, vore?

– Nei, det er vel passeleg. Det var fantastisk bra i november og desember. Alle folk kjøper bøker til jul og sånt. Men det har vore litt mykje anna styr i det nye året, og så langt i 2025 har ikkje butikken vore open heile tida. Det må eg innrømme. Men når han er open, så er det vel tre-fire innom kvar dag. Og om tre-fire av og til kjøper bøker, så blir du ikkje rik av det, nei. Men det er eit tilbod om å få kjøpt nynorske bøker i ein eigen bokhandel midt i hovudstaden! Det er litt kjekt akkurat det, seier Kjartan Helleve.

Mest for barn og unge

– Kva type bøker er det du byr på?

– Eg pleier å seia at det er nokså godt tilbod. Det er skummelt å seia at eg skal ha alt som kjem på nynorsk, sjølv om ambisjonane går i den retninga. Men det eg har mest lyst til, er at me skal ha mange barne- og ungdomsbøker. Slike forsvinn veldig fort i dei vanlege bokhandlane, og er noko folk har lyst på. Det ser eg ofte at dei leitar etter. Så det er der ambisjonane ligg. Elles er det jo slik at me har alt frå Samlaget, mykje frå Gyldendal og Oktober, frå dei store forlaga altså, men også bøker frå nokre mindre og uavhengige utgivarar som Skald – og så har me også nokre brukte bøker.

Arena for nynorsken

– Og så arrangerte de nynorskdagen her?

– Ja, og det er jo litt av poenget med å ha ein nynorsk bokhandel som dette. Ein arena for nynorsken på alle vis. Eit hyggeleg samlingspunkt, ein stad for ulike prosjekt, om det er fond og forlag eller bokhandelen som skipar til noko sjølv spelar ikkje så stor rolle. Men òg at andre aktørar kjem hit og har arrangement. At det blir ein slags arena, eller kan du



FORLEGGJAREN: Kjartan Helleve er både bokhandlar og dagleg leiar for Fonna forlag.
Foto: Jan Inge Fardal / NPK

seia, ein plass du kan ha tilskippingar. Samarbeidet om arrangementet på nynorskdagen var heilt fantastisk, seier bokhandlaren og forlagssjefen som er glad for at fleire etter kvart veit om at det er ein Nynorsk bokhandel.

– Reint sånn businessmessig så skadar jo ikkje det, men det viktigaste med eit lokale er å ha nøkkelen sjølv.

– Har de planar om andre arrangement?

– Me har hatt fleire arrangement i haust, med lanseringa av Skald-våren som eit høgdepunkt så langt. Me har hatt lanseringar frå Samlaget og andre, og det kjem me til å halda fram med utover våren. Og så har me ein leseklubb, seier bokhandlar Kjartan Helleve. Og kanskje blir det snart offisiell opning?

– Finare å lesa at Trump er gal

Sophie Elise Isachsen (30) såg ikkje Målblomen frå Noregs Mållag koma – men skjønar godt kvifor ho fekk han.

HEIDI MOLSTAD ANDRESEN

NPK

– Gratulerer med Målblomen! Den såg eg ikkje koma?

– Eg ana ikkje at prisen eksisterte, det må eg jo berre flautt innrømme, så eg såg heller ikkje den koma. Men, då eg fekk e-posten frå Mållaget var det utruleg hyggjeleg, og ikkje heilt sjokkerande. Eg har fått ein del tilbakemeldingar frå dei som brenn for nynorsk, om at dei er takksame for korleis eg fremjar skriftspråket.

Ein klok klem

Det var i november det tok av. Sophie Elise Isachsen, best kjent som influensar om mote og skjønnheit og omdiskuterte plastiske operasjonar, har også lenge hatt sin eigen bokklubb på sosiale medium. Då ho i november tilrådde nynorsk boka «Odelsskam» av Maria Lavik og avslutta innlegget med «Jeg elsker å lese på nynorsk», gjekk det ikkje lang tid før det tikka inn ein invitasjon til Dagsrevyen.

Hjå rikskringkastaren slo Isachsen fast at «Nynorsk er som ein klem frå nokon som er klok og varm», før det vart klippa over til sjefen i Samlaget, som konstaterte at salet av Lavik-boka vart seksdobla frå ei veke til den neste etter tilrådinga frå Harstad-jenta. Bokhandlarar og fleire forlag meldte om same Sophie Elise-effekt på andre nynorskbøker ho hadde tilrådd.

Likevel var det altså fleire som sette kaffien i halsen då det sist månad vart kjent at Noregs Mållag hadde tildelt Isachsen Målblomen «for å fremja nynorsk leseglede». Er Mållaget verkeleg så desperate?, var det ein kjenning som lurte på. Eller berre skikkeleg smarte, for å ha kuppet Noregs største influensar til å skapa blest om nynorsken? spurde ein annan. Ja, for kor laust sit denne Målblomen eigentleg, om alt som skal til er å seia at ein elsker nynorsk, ville ein annan veta.

– Det var jo ikkje difor eg fekk prisen. Forløpet er at eg gong på gong har fremja nynorsk litteratur på dei sosiale media mine og oppmoda følgjarane mine til å lesa bøker på nynorsk, fortel influensaren i ein e-post til Nynorsk Pressekontor.

– Om eg berre hadde lagt ut ein enkel story med «jeg elsker å lese nynorsk», hadde eg nok ikkje fått han, skriv ho.

Målblomen

■ Målblomen frå Noregs Mållag går til folk som har gjort ein god innsats for nynorsken. Det er styret i Noregs Mållag som avgjer kven som får utmerkinga.

■ Sophie Elise fekk Noregs Mållag sin Målblome for å fremja nynorsk leseglede.

■ – Sophie Elise er ein av dei viktigaste påverkarane i Noreg. At ho jamleg framsnakkar nynorske bøker, fører til at fleire unge oppdagar at nynorsk kan vera noko kult, ekte og relevant, sa leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, ved utdelinga.

■ – Gjennom ei så enkel setning som «eg elsker nynorsk» normaliserte ho det mange ungdomar har lært å fnisa av eller ta avstand frå. Ho har difor gjort det enklare for unge nynorskbrukarar å vera stolte over eige språk – eller vekkja interesse hos unge bokmålsbrukarar.

Betre skriftleg

For ja, me måtte intervju ho på e-post. Då me fyra av ein førespurnad til manageren og bad om eit intervju, var det rett nok utan særlege forhåpningar i det heile. Svaret om at ho var interessert kom overraskande kjapt, og derifrå stod det berre att å landa ei avtale direkte med hovudpersonen. Eit småfrekt framlegg om å møtast på Bondeheimen fall fort til jorda. Ikkje fordi Isachsen hadde noko i mot den uoffisielle nynorsk høgborga til nynorsken i Oslo, men fordi ho visstnok var så travel at ho ikkje kunne møtast fysisk.

Ikkje ville ho la seg intervju på telefon heller, skulle det visa seg.

Nei, Sophie Elise Isachsen ville helst ha spørsmåla på e-post. Ifølgje seg sjølv er ho «ein distre introvert» og «svarar mykje betre skriftleg».

Slikt gjer ikkje det beste inntrykket på ein journalist, eg må vedgå det. Det er ofte politikarar som vil ha spørsmåla på e-post, slik at dei kan velja vekk spørsmåla dei ikkje likar og vri seg unna oppfølgingsspørsmål. Etter endå eit forsøk på ein telefonprat var eg like langt og sende motvillig avgarde ei liste med spørsmål. Svara på samtlige utfordringar tikka inn nøyaktig 38 minutt seinare.

– Kva er det med skrivning som

gjer at du føretrekker å skriva framfor å snakka? Handlar det om kontroll over korleis du presenterer deg sjølv? Tryggleik? Framstår du annleis/betre/smartare skriftleg enn munnleg? ville eg vita.

Isachsen svara utfyllande og mellom anna:

– Det handlar mest om at eg hatar å snakka i telefonen. Og eg svarar jo på e-posten din med ei gong, så det er ikkje for å tenkja meg fram til klokare svar. Men eg kunne heller ikkje ha opna meg opp om min eigen skrivestil, utan å faktisk skriva det, svara ho.

– Er det viktig for deg å skriva godt?

– Det er absolutt viktig for meg å skriva godt når eg skriv bøker, men ikkje når eg skriv denne e-posten. Eg finpussar ikkje så mykje, eg skriv rett frå levra samtidig som eg får ein «feeling» undervegs av korleis eg vil byggja det opp, forklarar ho.

– Ein veldig standard «formel» i mine egne bøker er at eg startar med ei setning, som kjem igjen midt i, og som det òg er naturleg å avslutta med. Det er også ein måte å halda meg sjølv fast i forma på det eg skriv og vita kvar eg skal. Eg elsker når eg kjenner at eg får det til – at teksten eg har skriva er bra, fordi han så tydeleg er meg. Eg skreiv noko i går, eit kapittel eg kalla «med øynene lukket», og der går setninga «en, to, tre – åpne øynene» att fleire gonger i teksten. Setninga er både meint bokstaveleg og som ein metafor. Teksten handlar om noko så overflatisk som å sjå mot sola når ein tek ein selfie, men samtidig om å halda auga attlatne for egne destruktive tankar. Då eg hadde formulert setninga, tenkte eg «yes, dette er meg».

Flautt og mørkt

Det var under ein tentamen på ungdomsskulen Isachsen oppdaga at ho skreiv betre enn ho prata, fortel ho. Ikkje berre fordi ho enda med å få 6 på stilen, men fordi ho undervegs kjente på ei slik skriveglede at ho svara på alle dei fem alternative oppgåvene i staden for ei, som var kravet. Det var første gongen ho leika seg med form.

– Eg sit aldri med ei fundering på «dette må få meg til å verka kul». Det eg likar med tekst, er at eg kan visa fram det flauaste og mørkaste i meg, utan at det verkar «farleg», fordi eg kan skriva det på ein fin måte. Sjø for



MÅLBLOME: Leiar i Norges Mållag, Peder Lofnes

deg f.eks Vigdis Hjorth fortelja det ho har skriva om, men kjapt og munnleg. Ein hadde kanskje tenkt, kva feilar det deg? Same gjeld Trude Marstein. Begge to er kvinner som skriv om ting som kvinner typisk ikkje skal snakka om. Men, dei skriv det, og det er nydeleg. Eg vil vera som dei.

– Kva var det siste du hørde eller las der du tenkte: «Dette var godt språk»?

– Nora Eide har skriva ei bok som heiter «God mor» der ho skildrar korleis ho sit i leilegheita si, midt på dagen, og prøver å amma barnet sitt som berre gret, medan ho tenkjer «ser noen dette? Er det ingen som skal se dette? Bør ikke noen se dette?». Eg elsker desperasjonen i dei spørsmåla der, og kor reelt det er, og kor enkelt det er skriva. Eg elska også Erik Eikehaug – «Alle elsker Kari», der han skriv «det er strengt tatt ingen jenter som elsker kjærestene sine, det er enklere å elske dem».

en, på nynorsk enn på bokmål



Hauge, og Sophie Elise Isachsen etter prisoverrekkinga.

Foto: Thomas Brun / Noregs Mållag

Nærare, kanskje?

– Kva er det med nynorsken som gjer at du elskar han, då? Kjenner du til dømes att di eiga dialekt i nynorsken, eller ser du på nynorsk som eit meir framand, men poetisk mål?

– Ja, sei det. Det er kanskje noko med dei nynorske forfattarane eg har lese. Det er ofte litt sarkastiske bøker. Eg synest språket får ein heilt annan «schwung», og mange av dei beste bøkene eg har lese, er jo nettopp på nynorsk. Det kjennest kanskje nærare? Meir personleg? Agnes Ravatn, til dømes. Hadde ho vore like kul om ho skreiv på bokmål? Eg er faktisk ikkje sikker; ho hadde kanskje verka påtatt?

– Mange nynorskingar er minst like opptekne av at nynorsk er eit kvardagsspråk. Funkar nynorsk i skjønnheits- og motebransjen, til dømes?

– Ja, absolutt. Sjølv sagt gjer han det. No har eg ikkje sett så mykje nynorsk i «motebransjen»,

men eg les berre nyheiter på NRK, som har ein miks av nynorsk og bokmål, utan at det er noko eg tenkjer over. Og no som eg må tenkja over det, liker eg nok betre å lesa nyheiter på nynorsk òg. Det er finare å lesa at Trump er galen på nynorsk enn på bokmål.

– Kva for nynorskord har du tru på som ein god hashtag på sosiale medium?

– Gud, eg har ikkje tru på nokon hashtag!

– Hæ, er hashtags ut? Kva skjedde?!?

– Det kan godt henda hashtag er in, eller ut, eg anar ikkje. Eg kunne ikkje gitt meir faen. Når ein må spekulera i kva som blir det neste eller kva som er in og ut, så er ein allereie ut. Ergo, eg er in.

Sjølvhjelp på engelsk

Slik ho hugsar ungdomsåra, gjekk det alltid eit kollektivt sukk igjenom klasserommet då dei skulle ha nynorsk. Men det kan også

vera eit forvridd minne, påpeikar ho – og at det var kollektive sukk same kva som stod på timeplanen. Sjølv likte ho alle faga der dei fekk lesa, skriva eller snakka om tekst. Difor hamna også nynorsk høgt opp på lista.

Trass i at ho alltid har lese mykje, også nynorsk, har bokstabelen på nattbordet likevel tidvis vore mest prega av livet som rosabloggar og influensar. Omsett engelsk populærlitteratur og sjølvhjelpsbøker kjem sjeldnare ut på nynorsk av ein grunn, meiner ho:

– Omsetjing frå engelsk til nynorsk kling litt feil for meg. Nynorsk skal vera noko nært. Så i periodar der eg har lese engelsk og sjølvhjelp, har eg ikkje lese nynorsk. Men så pluteleg hamna eg inn i den eine nynorske forfattaren etter den andre, att.

Framsnakkinga av nynorsk-bøker er på ingen måte meint som eit innlegg i språkdebatten, understrekar Sophie Elise Isach-

sen. Ho er rett og slett berre litteraturinteressert, til liks med dei mange tusen følgjarane av bokklubben hennar «Litt Sophie». Dei set stor pris på boktilrådingane uansett kva for målform boka er på. Mange av følgjarane skriv òg nynorsk sjølv.

– Det er generelt aldri noko negativt når eg tilrår bøker. Folk elskar det!

Ei nordnorsk forbanning

Isachsen har fått langt meir tyn for måten ho sjølv pratar på. Somme meiner Harstad-dialekten får influensaren til å høyrest sur og bitchy ut.

Det er ho faktisk udelte samd i:

– Dei har jo rett, nordnorsk kan fort høyrast ganske monotont ut, og eg er nok ei av dei som snakkar ekstra «flatt» av natur. Eg kan seia «det er dritfint» og det høyrest heilt likt ut i toneleie som om eg skulle ha sagt «eg hatar det». Folk må faktisk berre høyra på kva eg seier, ikkje måten eg seier det på. Men dialekten er absolutt ein del av meg, og i forlenging av det, ein del av «imaget» mitt. Det er noko folk knyter til meg, og det gjer eg jo sjølv òg.

Ho vedgår samstundes at kommunikasjon er vanskeleg uansett form. Om ein slit med å formulera seg munnleg, er slett ikkje alltid milelange tekstmeldingar eit klokt alternativ.

– Språk i menneskelege relasjonar handlar jo om meir enn berre kva ein seier, men også om korleis ein seier det – som jo nettopp er forbanninga mi – og kven ein seier det til, kva historie du har med den du seier det til og bagasjen deira der og då. Å kommunisera er noko drit om ein overtenkjer.

– Alt i ein videoblogg frå 2011 demonstrerte du språkøyre og at du lett kunne ha bytt til Oslo-dialekt. Var det eit tidspunkt der du seriøst vurderte det?

– Nei, men eg har – utan å leggja merke til det – byrja å snakka litt «finare». I Harstad prata eg mykje breiare. Det hadde kjendest veldig kunstig, og ikkje minst kleint, om eg skulle ha lagt om. I Oslo er det jo så mange dialektar. Om eg hadde levd for 50 år sidan hadde kanskje svaret vore eit anna, men no er det jo veldig akseptert å vera nordnorsk i hovudstaden.

– Korleis ville du ha vore om du snakka Oslo vest-dialekt?

– Då hadde eg vore litt kjedelegare som «karakter» i alle fall. Ikkje like enkel å laga parodi og seriar om.

– Kva tenkjer du om at eg no kjem til omsetta alle svara dine frå bokmål til nynorsk?

– Det er jo koseleg. Kanskje det gir svara mine nettopp den nemnde «schwungen» ..?

Nynorsk kommunane krev demokratisk kontroll over norsk språk

Stavekontrollane til dei store selskapa Google, Microsoft og Apple er så dårlege at dei hindrar elevar i å læra korrekt norsk, og slik undergrev dette den demokratiske kontrollen over språket. No må statsrådene for kunnskap og kultur gripa inn!

JAN INGE FARDAL
NPK

Dette er det klare og eintydige kravet i ein resolusjon som vart vedteken på landstinget for nynorsk kommunane i Øygarden 4. juni.

Ei fersk undersøking frå Språkrådet, som språkdirektør Åse Wetås gjekk gjennom for landstinget, viser at stavekontrollane i dei mest brukte skriveprogramma i Noreg ikkje held mål.

Leverer ikkje

I 2023 vedtok Stortinget ei ny opplæringslov som slår fast at skulane skal bruka skriveprogram som støttar både nynorsk og bokmål, og som følgjer offisiell rettskriving. Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) var svært nøgde, men peikar i resolusjonen på at ingen av dei tre store leverandørane av skriveprogram leverer etter krava i opplæringslova. Spesielt ille er det for alle elevar som skal læra seg nynorsk.

– Stavekontrollane fungerer så dårleg at dei er direkte skadelege for innlæringa av skriftspråket vårt. Elevar over heile Noreg opplever å få raude strekar under korrekt nynorsk, og ingen korrektur under det som er feil i skriveprogrammet til Google, heiter det.

Må ta kontroll

Den svært mangelfulle nynorskstøtta i skriveprogramma er eit så stort problem at LNK ber om at Kunnskapsdepartementet tar ansvar for å gjera noko med situasjonen. Det heiter vidare at når stavekontrollen fungerer dårlegast på nynorsk, så saboterer det læringa av skriftspråket – og vegen til eit språkskifte blir kortare.

Staten, fylkeskommunane og kommunane betaler årleg milliardar av kroner i lisensar til dei store leverandørane av skriveprogram.

– Det kan vera lett for staten å gi alt ansvar til skulane og skuleeigarane, men når ingen av dei store selskapa førebels har stavekontrollar som følgjer offisiell rettskriving, så står skulane og kommunane ganske makteslause. Kvar enkeltkom-mune og skule er små mot dei store internasjonale gigantane. Staten som innkjøpar og bestillar har mykje større makt enn éin enkelt skule, heiter det.

Bruk innkjøpsmakta

LNK meiner det er på tide at staten bruker denne innkjøpsmakta. Og viss ikkje det nyttar mot dei amerikanske selskapa, så er det kanskje på tide å vurdere norske eller europeiske løysingar.

I Noreg er det Kultur- og likestillingsdepartementet som fastset den offisielle rettskrivinga. Men i praksis er det no ingen som har kontroll på rettskrivinga. I staden er det store amerikanske selskap som dikterer fasiten. No krev landstinget for LNK at ansvarlege statsråder tek ansvar og får tilbake den demokratiske kontrollen over språket vårt.



Foto: Samlaget

verket i mai og juni. Det same ensemblet stod på scena, med Louise McClelland Jacobsen som Alida, Wiktor Sundqvist som Asle, Frank Kjosås som Åsleik, og med Alma Kraggerud som felespelar.

JHG

Fosse-opera i Bergen og København

Flere år før Jon Fosse tok imot Nobelprisen i 2023, vart han spurd av den då påtroppande operasjefen Eivind Gullberg Jensen i Bergen Nasjonale Opera om å skrive libretto til ein ny opera. Den nye operaen, *Asle og Alida*, har fått handling frå *Trilogien*, som kom ut i romanform mellom 2007 og 2014. Musikken er skriven av den danske komponisten Bent Sørensen, mottakar av Nordisk Råds musikkpris for 1996.

Verdspremieren fann stad i Grieghallen i Bergen 29. mars, med tre påfølgjande førestillingar, men prosjektet er også eit samarbeid med Den Kongelige Opera i København, som spelte

Eirin Holberg og Åshild Irgens får Nynorsk barnelitteraturpris 2024

Forfattar Eirin Holberg og illustratør Åshild Irgens får Nynorsk barnelitteraturpris 2024 for boka **Steinalderen. 10 000 år gamle tyggisar og hovudskallar på stong**, som er gjeven ut på Samlaget.

■ Noregs Mållag har delt ut prisen sidan 1956, og for fyrste gong er det ei sakprosabok som når heilt opp og får prisen, som består av eit diplom og 50 000 kroner.

Prisen vert delt ut på Festspela i Aasentunet fredag 13. juni 2025.

Grunngjevinga frå juryen:

Juryen har valt å gje prisen for Nynorsk barnelitteraturpris 2024 til sakprosaboka *Steinalderen. 10 000 år gamle tyggisar og hovudskallar på stong*, av Eirin Holberg og Åshild Irgens.

Sakprosaboka *Steinalderen* er eit framifrå eksempel på korleis fagleg tyngde kan gå hand i hand med pedagogisk formidling i ei barnebok.

Eirin Holberg er arkeolog, og dette kjem tydeleg fram i boka, der ho startar med å forklare korleis arkeologar brukar spor i jorda for å vise korleis folk levde før i tida. Gjennom heile boka viser Holberg til eksempel på funn som arkeologar gjer, som kan fortelje oss meir om dei menneska som levde i steinalderen. Til dømes ein tyggis som arkeologane har funne og som kan fortelje om ei jente som levde for 5700 år sidan. Seinare kjem ho tilbake til korleis dei kunne ha tyggis i steinalderen, og korleis ein sjølv kan lage sin

eigen steinaldertyggis. På denne måten klarer Holberg å opne opp ei fjern fortid og gjere ho levande og relevant for barn. Det triggjar fantasien, dyrkar undring og inviterer til refleksjon.

Åshild Irgens sine illustrasjonar utfyller teksten på meisterleg vis. Det er tydeleg at Holberg og Irgens må ha samarbeidd tett om boka, for illustrasjonane er presise og realistiske, og i tråd med det Holberg skriv. Irgens brukar fargar og komposisjon på ein måte som fangar merksemda til barna. Irgens er spesielt god til å balansere det faglege og det leikne, og ho inviterer til fantasi og nysgjerrigheit på same tid. Illustrasjonane er absolutt med på å styrke heilskapen i formidlinga av boka.

Eirin Holberg har skrive sakprosa for vaksne tidlegare, men dette er ein debut som sakprosaforfattar for barn. Vi håpar denne prisen kan vere med på å inspirere til å skrive fleire sakprosabøker for barn, for dette er noko ho meistarar godt. Kjeldelista som, lurt nok, spesielt interesserte kan finne på Samlaget si side, visar at det er eit stort fagleg arbeid som ligg bak boka. Det er imponerende korleis Holberg har greidd å skrive denne boka så levande og lettfatteleg, samtidig som det aldri går på kompromiss av det faglege og kjeldebelagde.

Steinalderen er ei lærerik og spennande sakprosabok som vil fenge barn som også er eldre enn målgruppa for boka, som er 6–9 år. Kanskje vil boka også inspirere framtidige arkeologar? Dette er nemleg sakprosa på sitt aller beste – for barn, på nynorsk.

HEGE LOTHE
Noregs Mållag



STEINALDER FOR BARN: Forfattar Eirin Holberg (t.v.) og illustratør Åshild Irgens er prisar for å formidle kunnskap om steinalderen for barn på ein fagleg sterk og pedagogisk god måte.

Foto: Mille Gran



KJÆRLEIKSROMAN: Gunnhild Øyehaug skildrar forelskinga som ingen andre. Dei presise observasjonane, gode tankane og vittige formuleringane går opp i ei høgare eining, skriv juryen mellom anna om romanen Her kjem sola.

Foto: Helge Skodvin

Nynorsk litteraturpris til Gunnhild Øyehaug


Gunnhild Øyehaug får Nynorsk litteraturpris 2024 for boka **Her kjem sola**, gjeven ut på Kolon forlag.

■ Prisen er på 50 000 kroner og vert delt ut i høve Dei nynorske festspela i Aasentunet 15. juni, i Gunnhild Øyehaug si eiga heimbygd. Juryen har vore Siri Løkholm Ramberg, Elisabeth Jensen Lombnæs og Magne Julin Vik-Mo. Nynorsk litteraturpris har vorte delt ut sidan 1982, og det er Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget som står bak prisen.

Utdrag frå grunningjevinga: Dette er ei bok der fantasien viskar ut konvensjonelle grenser, der det nynorske språket opnar eit heilt nytt litterært landskap. Gunnhild Øyehaug er unik i den nynorske språkheimen. Ingen skriv som henne. Ho er vittig og sår på same tid, og det er energi i teksten. Som lesar kan du aldri vite kor Øyehaug vil ta deg. Skiljet mellom røynd og fantasi er oppheva, og i dette området finn ho eit nytt terreng for forteljinga. Boka viser at det nynorske kan

leikast med. Øyehaug dyrkar sin sans for filosofi og tenking. Samstundes er boka lett å lese, fornøyeleg og tilgjengeleg for alle. At ho igjen evnar å fange det komplekse og gjere det enkelt, viser kva for ein stor forfattar Øyehaug er. Dei seinare åra har Gunnhild Øyehaug vorte ein kritikarfavoritt i utlandet. Lesaren får sjå nordvestlandet og den fiktive bygda Volke. Men det er eit anna vestland vi møter. Boka insisterer på det lokale og det konkrete. Problemstillingane og språket er universelle. Slikt har fungert godt for andre nynorske prisvinnarar dei siste åra – også for dei aller gjevaste prisar! *Her kjem sola* er ein kjærleiksroman, men langt frå ein klassisk oppbygd ein. Øyehaug skildrar forelskinga som ingen andre. Dei presise observasjonane, gode tankane og vittige formuleringane går opp i ei høgare eining. Lesarane blir glade i Helga Mork og lærer noko om seg sjølve på vegen, og slik vert opplevinga ny for kvar lesnad. Årets vinnar av Nynorsk litteraturpris stadfester med dette eit nytt høgdepunkt i forfattarskapen, og er alt anna enn «ein beinkvit, visna bregne i skogen».

HEGE LOTHE
Noregs Mållag



Baktankar av Vidar Parr (1953-2024) er ei rik samling tekstar om språk, barndom, heimstad og tida sjølv. Parr var i ei årrekke redaktør i lokalavisa Synste Møre i Vanylven på Sunnmøre. I **Baktankar** sette målmannen, læraren og redaktøren saman dei beste stykka frå den frie spalten «På tampen» og laga ei samling som med varmt skråblikk sprengjer seg ut av den lokale ramma dei vart til i.

Alle inntekter av bokalet går til Kreftforeininga etter Vidar Parr sitt ynskje.

Synste Møre

Kr. 400 + porto. Tingast på e-post: bok@synste.no eller telefon: 700 20 820

Finna seg sjølv i flokken

«Å vera seg sjølv» er visst det viktigaste kompetansemålet for livet i 2025. Også i kvardags-verda til Juri i den nyaste boka til **Kari Stai**.

■ «Me treng noko meir originalt frå Kari Stai enn dette!», tenkte eg difor då eg starta på denne boka. Etter kvart får me heldigvis det.

Flokken er ei samtalebok om å vera barn, eit litt stort barn, som må prøva å finna ut av kva det inneber å bli litt ungdom. Gjennom eit knippe situasjonsforteljingar, vert me kjende med Juri og flokken hans, der nettopp dette å forholde seg til å ha, eller ikkje ha, «ein flokk» heile tida er sentralt.

Eit sentralt døme er denne vesle stunda frå ein skuletime, der klassen har fått besøk av ein psykolog frå kommunen: «Diskuter korfor flokken er så viktig. Og kva for flokkar de høyrer til. Juri har så mange tankar at det blir kø i hjernen. Dei er klare til å fosse ut av munnen. Men så skjer det att. Det stoppar. Tankane stivnar fordi han føler seg dum. Han skal ikkje seie nokon ting.»



■ bokmelding

Kari Stai:
Flokken
Samlaget, Oslo
2025

Det er forfriskande å lesa tekstar for born som i så stor grad handlar om kjensler, men som let det vera heilt opp til borna sjølve å finna ut av kva kjensler det er snakk om, og kvifor dei oppstår. Her er det få spor av diagnostisering eller forklaringsar eller rettleiingar som definerer opplevingane for lesaren. Det er ein open og utforskande tekst, som tek borna sine analyseverktøy på alvor.

Samstundes gjer dette at tek-

sten ikkje alltid er så lett å for-døya. Dei små forteljingane, med korte og litt hakkete setningar er lette å lesa, men dei lagar også ein distanse mellom lesaren, Juri og det som hender med han, ei hindring det tek litt tid å koma over. Dette kan sjølsagt vera eit poeng i seg sjølv, men som vaksen lesar, tek eg meg sjølv i å ynskja at historiene gav tankane mine noko meir å ta tak i. Viss ein skal lesa desse tekstane med eit barn, utan å dominera samtalen med forklaringsar, kunne det vera godt å ha litt fleire konkrete knaggar å ta utgangspunkt i.

Av same grunn tek det også litt tid å koma heilt under huda på Juri, og kjenna at ein forstår noko om han og bryr seg om kva som skal skje. Men når ein har fått taket på strukturen og rammeverket, kjem ein etter kvart nærare innpå, og ein får ein betre idé om kva han opnar opp for oss.

Særskilt er samtalanane Juri har med jamaldringar med på å gje boka ein nerve som gjer meg nyfiken og interessert. Dei viser fint fram at det som skjer inne i hovudet til nokon, ganske ofte ikkje overlappar med det som skjer når ein samhandlar med andre, og at det er rimeleg vanskeleg å få andre til å gje den responsen ein vil ha. Det er i desse partia boka lettast går i

dialog med lesaren. Dei inspire-rer til å utforska både seg sjølv, og korleis det er å vera ein av personane i bokuniverset.

Denne typen usikkerheit som kan vera særleg dominerande når ein er på alder med Juri, definerer stemninga i boka. Usikkerheit og tilhøyrande kjensler og tankar. Og som sagt innleiingsvis, handlar utfor-skinga av dette om å skjønna noko om seg sjølv, og å prøva å forstå korleis det er å vera dei andre.

Å vera seg sjølv for Juri, hand-lar ikkje om å berre sleppa alle hemningar og berre vera, men kanskje fyrst og fremst handlar det om å søkja ein type sjølvinn-sikt som heile tida er flyktig. For Juri er jo ikkje berre ein tydeleg person, fyrst og fremst. Han kan vera mange ulike personar, og ein av desse personane er like mykje Juri som dei andre er det.

Sjølv om Juri ofte har over-raskande god forståing av sjølvet, reflekterer han ikkje nødvendigvis direkte over dette. Kanskje gjer ikkje borna som les det heller. Men det er uansett ikkje poenget: I denne teksten er det spørsmåla ein stiller seg på vegen som står i sentrum, ikkje at ein skal kunna setja to strekar under eit svar på kven ein er.

Live Havro Bjørnstad

Slettene er sublim litterær kunst

Slettene av australske

Gerald Murnane

er mykje meir noko du opplever enn noko du les.

■ Språket er fleirtydig og lyrisk, og skapar stemningar og frie, subjektive assosiasjonsrekker som gir heile romanen eit slags draumepreg, der tolkingmog-legheitene er nesten uendelege. Fosse si omsetjing er så god at ein lett gløymer at boka er omsett. *Slettene* er sublim litterær kunst.

Det er på ei og same tid umogleg og veldig enkelt å oppsummera Slettene: Ein film-skapar vil laga film om folket som bur i slettene, som er ein ikkje-namngjeven stad utanfor ein storby i Australia. Det han ser og finn formaterer seg aldri til noko, men blir verande notat, skisser og idear om ein film.

Allereie i opningsstrofa er det eigentleg klart kva sjølve kjernen i romanen er:



■ bokmelding

Gerald Murnane:
Slettene
Omsett av Jon Fosse
Samlaget, Oslo
2025

«For tjue år sidan, då eg fyr-ste gong kom til slettene, heldt eg augo opne. Eg såg etter alt i landskapet som kunne tyda på ei opphøgd mening bak det som kunne sjåast.»

Slettelandskapet er åstaden til fleire historier og levde liv, der både individ og kollektiv har satt sine preg og har sine måtar å vera i landskapet på. Slettefolket er til dømes delte inn i to ulike grupper, som har kvar sine ulike måtar å tolke og forhalde seg til landskapet på. Dei kan observerast, men ikkje fullt ut bli forstått.

Slettene er både eit faktisk landskap, men fungerer også som eit mentalt landskap for både skapar og betraktar - for-fattar og lesar, eller nettopp for eg-forteljarens skildring som blir gitt til lesaren. Det er i desse partia *Slettene* verkeleg skin, når språket får fram kor-leis stor litteratur er partiku-lært og universelt samstundes i korleis det er ein slags vill assosiasjon av tankar, idear, kjensler og oppfatningar som på eit vis berre kan bli forstått innanfor rammene og språk-verda i det litterære verket. Ja - det er nesten noko religiøst over det! Og som fleire andre har kommentert før, er både

Fosse og Murnane katolikkar. Det er nok ikkje tilfeldig at Fosse har omsett akkurat denne boka.

På same vis som hovudper-sonen på slutten rotar seg vekk på biblioteket, i eit fånytted forsøk på å forstå sletteland-skapet, kjenst det som at ein som lesar også rotar seg litt vekk i mylderet av assosiasjonar og draumeaktige bilete som boka skaper. Og på same vis som eg-forteljaren aldri får til å laga nokon film om slettene og dei og det som befolkar dei, kjem heller ikkje lesaren til botn av kva det var *Slettene* ville fortelja oss.

Det er nok også poenget. For å få full forståing, må ein både ha eit generelt oversyn over landskapet, og samstundes stu-dere dei enkeltelementa som utgjer landskapet. Det er umog-leg, men ein klarar likevel å ana konturane av noko, sjå små frag-ment av noko djupare innsikt i tilværet, ideen om noko større eller noko *anna*.

Vemund Norekvål Knudsen

Robin Van de Walle er forfattar, belgiar og nynorsk-brukar. No er han også blitt omsetjar, og er aktuell med den fyrste nederlandske Skald-klassikaren.

– Den nederlandske humoren er litt i slekt med den vestnorske

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Den nyaste klassikaren frå Skald kom i bokhandlarane i juni, høveleg nok i oransje omslag. Det fyrste nederlandske bidraget til serien er *Unge titanar*, som inneheld tre langnoveller av forfattaren Nescio: «Snyltaren», «Unge titanar» og «Ein liten poet». Aliaset er latin for «eg veit ikkje», men akkurat dét er ikkje forfattaren åleine om i denne samanhengen.

– Nescio er så godt som ukjend i Noreg frå før. Kva status har han i Nederland?

– Nescio er ein av dei verkeleg store forfattarane våre, seier Robin Van de Walle. Han har omsett boka for Skald i lag med Øystein Vidnes.

– Veldig mange nederlendarar har eit forhold til han på eit eller anna vis, gjerne fordi dei har lese novellene hans i skolesamheng. Dette inntrykket har eg òg fått stadfesta når eg har nemnt for folk at eg var i gang med å omsetje Nescio: Mange hugsar karakterar som Snyltaren og dei unge titanane, og mange kan jamvel sitere frå boka, som den berømte opningssetninga «Bortsett frå mannen som meinte at Sarphatistraat var det vakraste Europa hadde å by på ...». Eg har høyrte rykte om at du, når du spør folk på gata i Amsterdam om vegen til Sarphatistraat, at mange begynner å sitere denne setninga. Men eg har ikkje testa det sjølv enno, fortel Van de Walle.

Langsamt folkekjær

Nescio vart døypt Jan Hendrik Frederik Grönloh, og fødd i Amsterdam i 1882, der han også budde mesteparten av livet. Sjølv om produksjonen hans var liten, er novellene hans eit fast innslag i skuleundervisninga i heimlandet, og alltid med når den beste ned-

erlandske litteraturen blir kåra. Debuten som forfattar kom under pseudonym i 1911, og først då tekstane hadde begynt å bli ein snak-kis blant unge forfattarar, avslørte Nescio det verkelege namnet sitt i eit forord til andreutgåva frå 1933. Då hadde mannen bak aliaset i fleire år hatt ei trygg stilling som direktør i The Holland-Bombay Trading Company, selskapet han hadde jobba for heilt frå 1904. Etter at han slutta i direktørstillinga si levde Grönloh eit tilbaketrekt liv, medan verka hans sakte men sikkert vart klassikarar i den nederlandske bokheimen.

– Det er ingen tvil om at Nescio er ein folkekjær forfattar som framleis er mykje lesen i dag. Eg trur det er fordi han skreiv så tilgjengeleg og ukomplisert, på eit munnleg språk, om personar og stader som er gjenkjennelege for mange nederlendarar. Og så er han veldig morosam! Men det er viktig å nemne at mykje av denne statusen har Nescio først fått etter sin død i 1961. Denne boka blei fullstendig ignorert då ho først kom ut i 1918, og i fleire tiår var ho først og fremst ei kultbok som det berre var kunstnarar og litteratarar som las. Difor er det ekstra gøy at han er blitt så kjend seinare. Og i dei seinaste åra har han tilmed fått eit slags gjennombrøt i utlandet, og blitt omsett til blant anna engelsk og tysk, seier Van de Walle.

Den franske omsetjinga kom i 2005, den tyske i 2016, og i 2012 kom den fyrste til engelsk under tittelen *Amsterdam Stories*. Samlinga inneheldt dei same novellene ein finn i *Unge titanar*, i lag med seks andre tekstar. Dei var alle omsett av Damion Searls, som her til lands best er kjend som omsetjar for Jon Fosse.

– Kva gav deg lyst til å omsetje Nescio no?

– Han har vore ein av yndlingsforfattarane mine heilt sidan

eg las han for første gong som syttenåring. Og då eg skjønnte at han enno ikkje fanst på norsk, begynte eg å leike med tanken...

– Tematisk merkar eg at desse tekstane talar endå meir til meg i dag, enn dei gjorde då eg var sytten. Det er noko med denne kjensla av tapt ungdomstid, og av kunstnardraumen som måtte vike for eit vanleg kvardagsliv med vaksenjobb og kontorarbeid

NESCIO



UNGE TITANAR
TRE NOVELLER

... Dette er tema som eg òg grublar mykje på, må eg seie.

Belgiar og nynorskbrukar

– Men det finst òg personlege grunnar for at dette kjendest som eit riktig tidspunkt å omsetje boka, ikkje minst har det med nivået på norsken min og sjølvstilliten min som nynorskbrukar å gjere.

Van de Walle er nemleg oppvaksen i Belgia, og har flamsk som ➤

“ **Likevel opplever eg ikkje desse tekstane som sørgjeleg lesnad – det er dei for livsglade, fargerike og morosame til: Ungdomleg hovmod, idealisme og kunstnarisk svermeri blir skildra med overskot og lun humor. For forteljaren er tida som ung titan omme, men «[...]» når eg tenkjer over det, må denne tida enno vare, ho varer så lenge det finst gutar på nitten, tjue år.**

Frå etterordet av Robin Van de Walle

morsmål. Etter studium i norsk ved universitetet i Amsterdam, kom han til Oslo som Erasmus-student for å studere litteraturformidling. Det var i 2014. Seinare flytta han til Bergen, der han er blitt verande. Språkvalet kom tidleg:

– Eigentleg hadde eg allereie frå starten av studiet ein idé om at det var nynorsk som måtte bli språket mitt, og eg vart ganske skuffa då det viste seg at dei ikkje hadde noko opplæringstilbod på nynorsk i Amsterdam.

– Men kvifor nynorsk?

– Tja, eg syntest jo at nynorsk var vakkert. Men det var òg noko med nynorsk som mindre-talsspråk og nynorsk som «idé» som tiltalte meg: Nynorsk som grasrot-rørsle, som eit demokratisk prosjekt som hadde med inkludering og mangfald å gjere, og tanken om at også periferien hadde krav på sitt eige språk. Valet hadde også å gjere med bakgrunnen min som belgiar, trur eg: Som flamlending er eg van med å ikkje kunne skrive på mitt eige språk. Vi har ikkje noko eige flamsk skriftspråk, og er nøydd til å bruke den nederlandske norma, sjølv om flamsk talespråk er nokså forskjellig frå nederlandsk. Vi har aldri hatt vår eigen Ivar Aasen, kan du seie. Så det at nynorsk i det heile teke finst, opplever eg som ein stor luksus. Ein luksus som fleire burde nytte seg av.

– Har du tips til korleis ein kan få fleire tilflyttarar til å velje nynorsken?

– Eit konkret tips, og som iallfall har vore nyttig for meg, er å skaffe seg ei nynorsk ordliste frå før 2012, då det framleis fanst hovudformer og klammeformer. Slike ordlister finn du på kvar bruktbutikk til 10 kroner eller noko sânt. For når ein ikkje har noka dialekt å falle tilbake på, kan det vere ganske vanskeleg å finne vegen gjennom alle dei valfrie formene som er tillatne på nynorsk, og å skjønne kva former som passar saman eller ikkje. Systemet med hovud- og klammeformer løyser mykje av dette problemet.

– Men på eit meir overordna og språkpolitisk plan, så meiner eg jo at nynorsken hadde hatt godt av å bli brukt i fleire samanhengar enn det som er tilfellet i dag. Kvifor skal matbutikker i nynorsk-kommunar ha opningstidene sine på bokmål, til dømes? Kvifor skal mjølka som er produsert på gardar nær meg, vere på bokmål? Kvifor er ikkje togannonsane på Bergensbana på nynorsk? Tilflyttarar kjem jo berre til å lære seg nynorsk om dei føler det er nyttig for dei, og om dei ser at språket blir brukt rundt dei. Og det skal det jo, ifølgje lova. Nynorsk er likestilt med bokmål, så då må vi krevje at språket blir brukt.

Nynorsk Nescio

Blant dei nynorske klassikarane frå Skald finst både dei største namna i verdslitteraturen og meir ukjende forfattarar. Då Nescio skulle omsetjast, var det naturleg å velje nynorsk:

– Eg meinte det hadde vore gøy om han vart omsett til nynorsk, sidan han skreiv så talemålsnært på nederlandsk, og han har ein lun humor som eg syntest hadde passa spesielt godt i nynorsk språkdrakt. Den nederlandske humoren er generelt litt i slekt med den vestnorske, føler eg, seier Van de Walle.

Omsetjinga er laga i samarbeid med Øystein Vidnes, som har fleire Skald-klassikarar på samvitte, m.a. Robert Musils Tre kvinner og Roberto Arlts Sju galningar. I tillegg er han som vanleg involvert som formgjevar av boka.

– Kva utfordringar finst i å omsetje nederlandsk, eller Nescio spesielt, til nynorsk?

– Nederlandsk og norsk er jo i utgangspunktet i slekt med kvarandre, og det er mange nederlandske låneord på norsk, så det gjer oppgåva litt lettare, seier Van de Walle.

– Det er sjølv sagt også mange forskjellar. Ei konkret utfordring var til dømes tittelnovella: «Tita-antjes». Dette «-tje»-elementet er ein såkalla diminutiv, og blir klistra til ordet for å antyde at noko er lite eller smått, men det kan også bety at du har eit ømt

og kjærleiksfullt forhold til ordet. Øystein og eg har landa på «Unge titanar» her, men «Små titanar» hadde ikkje vore uriktig heller. Men vi følte at det var viktigare å vektleggje alder snarare enn storleik i dette tilfellet.

– Ei anna utfordring er at nederlandsk har mange små ord som «weer, wel, eens, nou, toch» som folk liker å stable oppå kvarandre i setningar, for å lage små nyansar i betydninga. Men sidan desse einstavingsorda har fleire stavingar på norsk («igjen, likevel, ein gong, faktisk») kan setningane fort bli veldig tunge om ein skal få med absolutt alt. Så då må ein ofre noko av nyansen for flytens skuld. Og så er det også noko med den nederlandske direkteheita, som kan verke litt frekk og uhøfleg om ein skulle omsett alt ordrett til norsk. Imperativ-forma er mykje vanlegare på nederlandsk, så her og der har vi vore nøydd til å omformulere til eit spørsmål, for at ikkje norske les-

arar skulle få bakoversveis heile tida og føle at folk blei kommanderte frå ende til annan.

Vanskeleg å kategorisere

Dei tre novellene i samlinga er skrivne i perioden 1909 til 1918, men det er ikkje sjølv sagt at det er desse åra Nescios skrivestil høyrer mest heime i.

– Stilistisk sett er han litt vanskeleg å kategorisere, seier Van de Walle.

– Då vi hadde litteraturhistorie på vidaregåande, hugsar eg at vi lærte om modernisme og naturalisme og slikt, men at det alltid blei litt sånn: «Å ja, og så finst Nescio sjølv sagt», som om han var i sin eigen kategori. Men novellene vart altså skrivne like før og under første verdskrig, i det som var ei økonomisk nedgangstid i Nederland. Det finst klare nyromantiske innslag her, med lyriske naturskildringar og skildringar av det agrare nederlandske landskapet – som allereie var i ferd med å





VALDE NYNORSK: – Det var noko med nynorsk som mindretalsspråk og «idé» som tiltalte meg: Nynorsk som grasrot-rørsle og demokratisk prosjekt, seier Robin Van de Walle.

Foto: Helge Skodvin

forsvinne på den tida, på grunn av industrialiseringa. Språket hans er nøkternt og upretensiøst, og peiker allereie fram mot den «nye saklegdomen» som vart populær på 1920-talet. Det finst òg ein tydeleg kapitalismekritikk her, og eit skråblikk på det moderne arbeidslivet som noko sjeledrepende og for dummande.

– Desse novellene er fulle av mannsfigurar, både urolege, drøymande, poetiske, men også desillusjonerte og resignerte: Kva gjer det for aktualiteten?

– Ja, novellene handlar om ein gjeng unge menn i Amsterdam på tidleg 1900-tal. Dei er kunstnar-sjeler på kvar sitt vis: ein er poet, ein er landskapsmålar, ein er Dante-omsetjar, og så vidare. Dei har store draumar og store ideal, men så innser dei at det ikkje går an å leve slik i lengda. Dei treng pengar, dei treng ein vanleg jobb for å forsørge familien. Og ein vanleg jobb på den tida, det betydde: Å vere på kontoret frå ni

til seks, måndag til laurdag. Om ein då var heldig og jobba på kontor, og ikkje i ein fabrikk. Så dette er tekstar som i høg grad handlar om kunstnarkår, har eg tenkt, og om kva som skjer når eit samfunn gjer det umogleg for folk å utvikle dei kreative talenta sine. Dette kjennest jo ganske aktuelt i dag, når mange stipendordningar er under press, og kulturbudsjetta strammast inn rundt omkring i kommune-Noreg. Når kreative sjeler må gi opp kunsten sin for å ha råd til mat og bustad: Dette blir det resignerte menneske av!

I etterordet sitt skriv Van de Walle: «Når eg les Nescios noveller på nytt som trettiåring, slår det meg i kor stor grad dei er gjennomsyra av melankoli. Dei blir fortalde av ein forteljar som ser tilbake på ei tid som har vore, og som han har mista tilgang til. Då valet stod mellom å realisere kunstnardraumen eller å skaffe seg ein kontorjobb som gav finansiell tryggleik, valde han det siste.

Det same gjer dei fleste andre personane i novellene: Ein etter ein oppdagar himmelstormarane at dei treng pengar for å leve eit komfortabelt liv, og at kunsten ikkje kan gi dei det. Dei få som faktisk vel bohemplivet, endar opp med anten å ta livet sitt eller gå frå forstanden.»

– Det slår meg at mange av dei seinare klassikarane i serien til Skald er frå tida rundt høgmodernismen på 20-talet. Er det noko ved denne litteraturen som talar spesielt til tida vår?

– Reint personleg, så synest eg at ja, det er noko med den modernistiske litteraturen som framleis kjennest veldig relevant i dag, både tematisk og formmessig. Om eg skulle nemnt forfattarar som eg verkeleg kan lese om att og om att, så blir det påfallande mange modernistar, som Woolf, Musil, Hamsun ... Kanskje det er fordi verda som tekstane deira oppstod i, liknar så mykje på vår eiga? Korleis skal ein som individ

“**Usjåleg var den vesle båten, skorsteinen stakk så vidt opp, nesten utan røyk, dei håse tuta hans fortapte seg i det vidstrekke. I time etter time fór han over vatnet, mellom åkrane under den umåtelege himmelen.**

Frå «Ein liten poet»

klare å navigere ei uoversiktleg og kaotisk verd, og samstundes halde litt styr på sine egne kjensler og tankar?

– Men eg må seie at eg òg er veldig interessert i romantikken som stilepoke, og i korleis romantikken og modernismen heng saman med kvarandre og veks ut av kvarandre. Skald har jo òg utgitt ein del romantiske verk i klassikarserien, som Goethe, Brontë og Büchner. Romantikarane hadde ein stor sensitivitet for det individualistiske, kombinert med dyrking av naturen og landskapet, og dette blir jo ikkje heilt borte i modernismen – tenk på den tidlege Hamsun. Men også Nescio var verksam i skjeringspunktet mellom desse to straumdraga, føler eg. Han såg skjønnheita både i det urbane og i det landlege, i det moderne og det gamle.

Omsetjardebut

Robin Van de Walle har erfaring frå mange hjørne av det norske litteraturmiljøet. Til dagleg jobbar han som litteraturformidlar ved Bergen Offentlege Bibliotek. I 2020/2021 gjekk han årsstudiet ved Skrivekunstakademiet i Bergen, og i år går han påbyggåret same stad. Debuten som skjønnlitterær forfattar kom i 2022, med romanen *Han, Solo*. No debuterer han altså også som omsetjar.

– Kva slags mottaking vonar du boka får i Noreg?

– Eg håpar jo framfor alt at mange får ei god leseoppleving. Kanskje nokon blir like begeistra over desse vittige, sprelske og merkverdige forteljingane, som eg blei då eg først las dei? Eg håpar også at boka kan bidra til at fleire nordmenn blir interesserte i nederlandskspråkleg litteratur, og kanskje får lyst til å lese meir, oppdage meir. Det finst veldig mykje bra der ute, men berre ein brøkdel av det har blitt omsett til norsk. Sjølv om Nederland og Noreg ligg kvarandre nært, både geografisk, språkleg og kulturelt, er den nederlandske litteraturen framleis veldig, veldig ukjend i Noreg. Men Nescio er ein bra plass å starte, iallfall!

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Kva år blei den første landsmålsstilen til mellomskoleeksamen skriven?
- 2 Kva år vedtok Stortinget at alle elevar på gymnasen skulle skrive ein stil på sidemål til eksamen?
- 3 Når begynte alle elevar i ungdomsskolen å få undervisning i både hovudmål og sidemål?
- 4 På kva skoletrinn begynner den første sidemålsopplæringa i dag?
- 5 Var dei baltiske statane nokon gong sjølvstendige før lausrivinga da Sovjetunionen gjekk i oppløysing i 1990?
- 6 Kva heiter hovudstaden som ligg på øya Java i øygruppa Dei store Sundaøyane?
- 7 Kva for to norske kulturtradisjonar blei i 2024 skrivne inn på Unesco-lista over verdskulturarven?
- 8 Kva heitte landingsfartøyet som sette dei første menneske på månen?
- 9 Kva planetet i solsystemet har det kortaste døgnet, det vil seie roterer raskast rundt sin eigen akse?
- 10 I kva idrett finn du ein norsk klasse som blir kalla «andunge»?
- 11 Kvar i Sverige produserte Saab bilane sine fram til selskapet slo seg sjølv konkurs i 2011?
- 12 Kor lenge varte brennevinsforbodet i Noreg?
- 13 Kva kallar vi brennevin som først og fremst blir produsert av malt (korn)?
- 14 Skodespelarane heiter Humphrey Bogart og Ingrid Bergman, kva heiter filmen?
- 15 Woody Allen har regissert ein film der hovudrolla er nevrotisk opp-teken av filmen i spørsmål 14. Kva heiter filmen?
- 16 I dag heiter organisasjonen Landsorganisasjonen (LO), men kva namn fekk han da han blei stifta?
- 17 Kva er det eldste politiske partiet i Noreg?
- 18 Kva pengesetel blei nokre år pryda av Aasmund Olavsson Vinje?



NYNORSKSTIPEND-OVERREKKING: Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag (t.v.) og Espen Moe Breivik. Foto: Thomas Brun

Nynorskstipend til Espen Moe Breivik

Espen Moe Breivik får nynorskstipend av Noregs Mållag på 50 000 kroner. Han skal skape innhald i sosiale medium om politikk retta mot unge vaksne.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ Til hausten er det nytt stortingsval, og vi veit at det er låg valdeltaking mellom dei unge vaksne veljarane. Det er viktig å nå unge veljarar, og sosiale

medium er ei svært viktig kjelde til nyhende og politikk for denne gruppa.
– Mållaget tykkjer det er svært meningsfullt å få vere med på å gje støtte til sosialt medium-innhald for unge veljarar om politikk og mediekritikk, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.
Espen Moe Breivik frå Volda har bakgrunn som journalist i VG, VGTV og NRK. Denne erfaringa vil vere nyttig i det nye prosjektet fram imot valet.
– Det er viktig å nå ut med innhald om politikk og debatt

som får merksemd i sosiale medium på nynorsk. Skal vi ha eit levande demokrati og folkestyre, må alle delta. Vi har tru på at Espen Moe Breivik er rette mannen for å få det til, seier Peder Lofnes Hauge.
Nynorskstipenda er finansierte av Kulturdepartementet og blir delte ut kvart år. Eitt til ein mann og eitt til ei kvinne, begge på 50 000 kroner. Dei skal særleg gå til tiltak som gjev nynorsk på nye område, eller område der det er lite nynorsk.

Uprisen til nynorsk ungdomsroman

Vinnaren av Uprisen 2025 er **Therese Garshol Syversen** med *Eg skal rive deg i filler*, utgjeven på Samlaget. Det er fyrste gong sidan 2017 at ei bok på nynorsk vinn prisen.

■ – På ungdomsbokbadet i går så snakka me ein del om det at eg skriv ut frå det at eg er sint, og at når det er noko som provoserer meg så set det i gang mykje raseri, men no er eg veldig glad! Tusen, tusen takk kjære dykk fine ungdomar! sa vinnar Garshol Syversen, før ho takka

redaktørane sine i Samlaget. Uprisen vart delt ut fyrste gong i 2007, og er ungdommen si eiga kåring av den beste norske ungdomsboka utgjeven inneverande år. Prisen vert arrangert av Stiftinga LESE i samarbeid med Den kulturelle skolesekken og Norsk Litteraturfestival på Lillehammer.
Garshol Syversen kjem frå Fredrikstad, og vinn Uprisen for fyrste gong. Ho har nett vunne ein manuskonkurranse i regi av Aschehoug om å skrive krim for vaksne, men skriv altså også prisvinnande ungdomsbøker på nynorsk! Prisutdelinga fann stad

5. juni i Maihaugsalen på Lillehammer i samband med Norsk Litteraturfestival.
Utdrag av grunngjevinga frå juryen (omsett av redaksjonen):
Vinnarboka har karakterar som er godt skildra og som me heiar på. Dei var komplekse og viser at ungdom er reflekterte og har eit djupt indre kjensleliv. I tillegg har ho godt driv og er spanande. ... Men det viktigaste er at boka gav oss noko å tenkja på då me var ferdige med å lesa. Valdtekt og samtykke er tema som dagens ungdom verkeleg brenn for, og me meiner det er viktig at det vert skrive bøker som dette.

SVAR
1 1901
2 1907
3 1974
4 Elevane begynner å få gradvís opplæring i sidemål frå 4. trinnet.
5 Ja, frå 1920 (sjølvverklaert frå 1918) til 1945
6 Jakarta
7 seterkulturen og bunadskulturen
8 Eagle
9 Jupiter (ein dag varer om lag 9,9 jordtimar)
10 segling; andunge er ein seglbåt med kjøl.
11 Trollhattan
12 I ca. 10 år (frå desember 1916 til april 1927)
13 whisky/whiskey (de kan få rett med «bourbon» også)
14 Casablanca
15 Play It Again, Sam
16 Arbeidernes faglige Landsorganisasjon (frå 1899 til 1957)
17 Venstre
18 50-kronesetelen

kryssord nr 2 • 2025 • Einar Søreide

	TOKT	I SOGN	SMERT-ENE	PRON. INN-VENDING	FAKS		ROMMET HELSAR PENT	FØRST SMÅGUD	KJENNE		KAM AS. ØY	HAGE-VEKST SLITEN			PAKT	ODD NORD-STOGA	
ORD-TAK																	
FORTEL											PLØYE					FÅR I SEG MAT	
SYSTEM											EUR. ELV						
					SPANSK ELV LIKE				DESS-ERT KANTEN					RETNING			
MANN				KUPONG													
BRUKAR MANGE GITAR-ISTAR				KVINNE													
BALJE								EIN SIGURD				FUGL JORD-ISKE				FREDS-SYM-BOLA	
HYGGE			BYE		SEL-SKAPS-FORM		SKINN-HEILAG TA							KVINNE			
BORDA						HOEM-ROMAN PRON.					LEVER SPENNE UT			MED EIGA BOK I BIBELE			
FORNIFT								NABOAR BRU		ROKAD-EN NYANSE				FAMILIE			
KNOP			DEN NORSKE HESTEN		RAVINE								TAU				
MÅNE					TUNG								SLEKT-NINGEN				
FISK						VEKST-ANE							LIKE				
					BIB. BY SMERTA				PERIODE LIKE							KRUKKE	
BIL-MERKE							OPP-HØGE				TAL			SALS-LAG	UNGD.-PARTI		
SKIFTE							FYLLER PÅ MED STEIN				MANN			HOVUDEL			
SNERK-EN		DISPO-NERER					FESTE						SAGFLIS				
FISK		KUA											KVINNE				
						FESTE MJUK			SLEKTN. KVINNE (BAKV.)								
KVINNE					NARRA HENTE				SVELLE SLEKTN.					PYNT			
TIL-PASSE								UNEMND			DRAPS-MANN					DREIE	
NABOAR								HAND			HUSDYR						
FESTE			AS. BY					RUBID-IUM					JUMBO				
			IRIDIUM										STILLE				
						ROMAR-TAL	SJANG-LE					GRØFT					
AV-SKORE STYKKE	TIDL. NM-LEIAR												AVKOM				

løysing • Nr. 1 – 2025

ORD-TAK	TEFTEN	LOV-TOLKAR	LOV-NADEN	NOVDE	WAVAR	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE	PAUSE
INN-SPEL	F	A	L	S	K	E	V	E	N	E	R	S	T	A	N	S	
SPORS-MÅL	I	D	E	A	R	G	R	I	S	E	F	L	A	K	S		ERKO
	I	N	V	I	T	A	S	J	O	N	S	L	A	K	S		
DYKTS-SPES	G	O	D	S	T	E	N	G	S	E	L	L	E	N	E		
REKE	R	E	K	E	A	R	R	A	T	E	N	G	S	E	L	L	E
FE	R	A	T	O	A	A	S	E	L	J	O	R	D	P	A	B	O
MUSE	S	T	R	E	N	N	I	N	G	E	M	A	U	R			
BL-MESSE	P	B	R	E	N	D	S	V	I	D	D	E	G	R	A	S	K
F	I	A	T	F	A	K	T	R	E	E	L	L	I	T	E	N	
FE	S	S	A	B	A	B	U	L	R	I	K	E	N	S	A		
FISL	S	I	L	R	A	N	K	A	R	K	N	U	T	A	G		
REL-PRON	S	K	A	L	D	R	Y	A	N	I	J	S	E	N	G		
OS	J	A	D	A	M	S	T	A	B	E	L	R	A				
ME	R	E	R	R	K	E	R	E	R	A	N	G	T				
LEAD	N	O	H	I	V	A	R	D	A	R	S	L	O	T	T	E	
VERK-TRYK	S	K	R	A	L	L	E	M	K	O	K	K	L				
PLANTE-NAB	O	L	E	N	D	E	R	I	S	S	L	O	T	T	E		
P	A	R	I	S	N	A	T	A	P	R	E	S	T				
TRISONGER	E	D	L	O	L	A	V	T	U	N	G	E	S	V	I	K	

Vinnarar av kryssord nr. 1, 2025:

1. Margit Steen, Bø i Telemark
2. Dagfrid Børve, Kongsberg
3. Øydis Helene Westersjø, Bru

Send løysinga til:
Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 Oslo

eller e-post:
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 17. august

Merk sendinga «Kryssord».
Rett løysing kjem i neste utgåve.
Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

Namn :

Adresse:

Postnummer/-stad:

NY ROMAN AV JON FOSSE

JON FOSSE VAIM

BESTILL PÅ
FØREHAND!
NORLI.NO

ROMAN

*men eg kan vel ikkje be Eline koma om bord i båten no nattes tid, gift kone ho er og alt
Kan eg få koma om bord i båten, seier Eline
Ja, ver velkomen, seier eg
Ver velkomen, tek eg opp att*

Jatgeir frå Vaim reiser med snekka Eline til Bjørgvin. Underleg nok får han med seg heim sin ungdoms kjærleik Eline som rømer frå mannen Frank. *Vaim* er ei forteljing om Eline, Jatgeir og Frank, snekker og sjarkar, kjærleik og død, føyelege menn og ei uvanleg viljesterk dame.

Vaim er fyrste boka i ein serie på tre romanar knytte til den oppdikta bygda Vaim.

I SAL FRÅ 5. SEPTEMBER

GLEDELEG GJENSYN MED SØSKENPARET OSKAR OG IDA!

BESTILL PÅ FØREHAND PÅ NORLI.NO

POCKET I SAL NO



Perfekt høgtlesing
for barn frå 6 år!

I sal frå 1. august 2025



Vinnar av Brageprisen og
Nynorsk Barnelitteraturpris

Rent gull!
VG

Samlaget.no

Samlaget



KLAR TIL VALKAMP: – Me vil gjera veljarane bevisste på kva sidemålsordninga betyr for norsk språkkultur, og kva parti som vil kjempe for ho, seier Mari Kaslegard, ny skrivar i NMU.

Ny skrivar i Målungdomen

Denne våren er eit nytt fjes å sjå i mållagsgangane i Kvadraturen. **Mari Kaslegard** frå Ål i Hallingdal er tilsett som ny skrivar i Norsk Målungdom, og gler seg til å ta fatt på arbeidet.

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ – Gratulerer med jobben som skrivar! Kva fekk deg til å søkja på han?

– Eg ville gjera noko litt nytt og teste ut livet utanfor lesesalen. Dessutan var eg innstilt på å jobbe med noko meningsfullt, og det fekk eg høve til i Norsk Målungdom, seier Kaslegard, som starta i jobben i mars.

Til Oslo kjem 22-åringen flyttande frå Trondheim, der ho har studert statsvitenskap og sosialantropologi. Utanom studia har ho jobba som redaktør i studentavisa *Under dusken*, og frå 2024 er ho laurdagsspaltist i *Hallingdølen*.

– Kva røynsle har du med Målungdomen frå tidlegare?

– For å vera ærleg, hadde eg minimal røynsle med organisasjonen frå før. Eg hadde vore litt borti lokallaget i Trondheim gjennom arbeid i studentavisa og kjente til Mållaget.

– Men mesteparten av livet mitt har eg jo vore ein

ungdom som er oppteken av målet!

– Kva saker er viktigast for Målungdomen den komande tida?

– No framover er det mykje fokus på stortingsvalet. Me vil gjera veljarane bevisste på kva sidemålsordninga betyr for norsk språkkultur, og kva parti som vil kjempe for ho. Som ungdomsorganisasjon må me ha i bakhovudet at delar av medlemsmassen ikkje er røysteføre, så for oss er kanskje det arbeidet meir langsiktig enn hos Mållaget, fortel Kaslegard.

– Dessutan er sommarferien høgsesong for ungdomsengasjement, så blir det mykje reising rundt på forskjellige leirar for å prate med målgruppa om språk og dialekt!

– Kva saker gler du deg mest til å jobbe med?

– Eg likar nok aller best å treffe andre unge og høyre kva språk betyr for dei, så for meg blir nok besøksrunden av ungdomsorganisasjonane i sommar eit høgdepunkt!

– Som hallingdøl, korleis ser du på utviklinga for nynorsken der du er oppvaksen?

– Eg er først og fremst veldig glad for å ha vakse opp i eit lokalsamfunn kor nynorsken står såpass sterkt, og understrekar ved kvart høve at Ål vart kåra til «Årets nynorsk-kommune» i 2021, seier Kaslegard.

– Dessutan føler eg at å

synleggjera nynorsk- og dialektbruk på Austlandet har blitt min kjepphest. Ikkje våg å snakke vondt om austlendingar i mitt nærvær!

– Og korleis er stoda annleis for deg som nynorskbrukar no som du har flytta til Oslo?

– No har eg jo budd på fleire stader som ikkje er typiske nynorskområde etter at eg flytta frå Hallingdal. På eitt vis kjennest målrørsla i Oslo sterkare enn andre plassar, men det same er kanskje motstanden, seier Kaslegard.

– Eg merkar i alle fall at kulturmarkørane «nynorsk» og «dialekt» har ein stor verdi for mange i hovudstaden, men dei treng òg å høyre at det ikkje berre handlar om estetikk. Nynorsk handlar også om demokrati, mangfald og inkludering!

– Men det største problemet eg har hatt med «bynorsk» så langt er at dei ikkje skjønar spørjeordet «ko» på halling. EG VIL IKKJE VITE KOR DU STUDERER, EG VIL VITE KVA!

No vert Kaslegard del av skrivarstova i dei nye kontorlokala i Dronningens gate i Oslo.

– Kva kjem til å vera din styrke i kvissen i lunsjen?

– Mine sigrar i lunsjkvissen er heilt uforutseielege. Hadde det ikkje vore for at kollegaene mine er så innmari oppdaterte skulle eg sagt politikk eller kultur. Språk er det sjølvsgitt heilt nyttelaust å konkurrere i.

■ leiarspalta



SEBASTIAN VINSENT NATVIK
Leiar i Norsk Målungdom

Utdrag frå landsmøtetalen 2025

■ Sidan pandemien har vi mista medlemmar. Frivilligheita har sokke over heile landet. Klassekampen skreiv i 2024 om at Natur og Ungdom har mista nesten halvparten av medlemmane sine. Klassekampen ville ha vår statistikk også, men me slapp å vere forsidemateriale slik våre kameratar i miljørørsla enda opp med å vere. Alle skulle på skulestreik i 2018 og 2019, eg gjekk på vidaregåande i Bergen og var fleire fredagar ved Den blå steinen når eg heller skulle ha vore på skulen. Eg skal slutte å snakke om klima og miljø i leiartalen, men kor er det blitt av skulestreikarane no?

■ Eg trur mykje av grunnen til at skulestreikarane er borte og at me og Natur og Ungdom mister medlemmane våre ikkje er på grunn av oss, joda me kunne kanskje sendt ut dei tiandeklassseflygeblada og skipa til ein endå større vervekampanje, men kva skal me med engasjement når me ikkje ser resultat?

■ Vervekampanjen 2024 var langt frå den beste, men nesten dobbelt så mange vart verva i 2024 som i 2023. Vi har aldri hatt målferd for så mange skuleelevar sidan 2019. Sjølv om det totale medlemstalet har gått ned, har me fleire nyinnmelde i 2024 enn i 2023. Vinterleiren 2024 var som sild i tønne på Dovrefjell, og EU finansierte heile driten og litt til. Eg skal ikkje skryte denne arbeidsperioden opp i skyene, for det har vore langt frå perfekt, men det er desse resultatane som får oss til å jobbe endå hardare.

■ Me har fleire grunnar til å vere pessimistisk når både Høgre, Framstegspartiet og politikarar frå Arbeidarpartiet tek til orde for å fjerne sidemålsskarakteren. For sjansen er stor for at den komande regjeringa kjem til å ha tidenes dårlegaste språkpolitikk.

■ Men eg veit, at om me jobbar godt kan me ogso få store sigrar. Me ligg an til å grunnlovsfeste det norske språket, og dermed nynorsk. Endå fleire ungdomar kjem til å kome ut av målskapet og engasjere seg når dei ser kor dritt den komande språkpolitikken kjem til å vere. Kommunar går frå bokmål til nøytral, og i framtida skal me sjå kommunar som går frå nøytral til nynorsk. Eg har trua på ei framtid kor kjerneområda vert større!

■ Førre gongen FpU sa «F**k nynorsk!» fekk Norsk Målungdom og Noregs Mållag hundrevis av medlemmar i laupet av få veker. Me har gode venar i fleire parti. Dette er ikkje første gongen høgresida skal i regjering, ME HAR VUNNE FØR.

Hermund Slaattelid

18.06.1932 – 05.05.2025

■ minneord

■ Hermund Slaattelid døydde på Voss sjukeheim 5. mai, knapt 93 år gamal. Han var stillfaren, men hadde ei fagleg og menneskeleg tyngd. Vi er mange som saknar han.

Etter studium i Oslo med latin, norsk og hovudfag historie, var han nokre år lektor ved Bodø Gymnas før han flytte over til Voss landsgymnas. Der var han tilsett frå 1961 til 1992. I ungdomstida treng ein «både det nære og heimlege og det fjerne», i fylgje Hermund, som underviste i latin og norrønt. Men styresmaktene såg det ikkje slik, og linene vart lagde ned i 1977–78.

Elevane likte Hermund godt, han var særskild viktig for dei i ei mogningstid. Å stimulera dei til å tru på eiga vurderingsevne, tenkja sjølv, var alltid eit mål for undervisinga. Du må ikkje alltid tru på det som står i bøkene, sa han ofte, lett provoserande. Soleis minna han eleven om at det å bli eit gagns menneske handla om meir enn pliktoppfyllande lekselesing. Hermund tenkte som Kirkegaard at det er viktig først å forstå kva den andre tenkjer, og så byggja vidare på det. Det fann han ut av ved å ha ei respektfull tilnærming til eleven. Han skapte eit sokratiske, kritisk og spørjande læringsmiljø i klassen, læring i ein antiautoritær atmosfære.

Etter at han gjekk av som lektor i 1992, heldt han fram arbeidet med å knyta band mellom den klassiske kulturarven og vårt nordiske opphav, gjort i nynorsk språkdrakt på sitt beste. Hans omsetjingar av og føreord til fleire kjende verk frå antikken kan stå som døme på framifrå språklege tekststar. På denne tida hadde han ansvar for filosofidelen på ex.phil.-undervisninga på Voss. Han var og medarrangør av Laurdagsakademiet, ein møtestad for samtale og refleksjon, ofte rundt filosofiske tekststar. Me gjekk m.a. gjennom tekststar frå *Delta-kar og tilskodar* og *andre essay* av Hans Skjervheim. Då Skjervheim var 70 år, gjekk det fyrste Skjervheimseminaret av stabelen. Det har halde fram som eit årvisst arrangement med dagsaktuelle historisk/filosofiske tema.

Hermund var ei drivkraft i skulemålsskampane i 1971 for nynorske læremiddel i vidaregåande skular. Den gongen demonstrerte elevar over heile landet for nynorske læremiddel. Hermund fronta saka klårt og tydeleg, m.a. med innlegg i pressa og i NRK. Læremiddelsaka vart lagt merke til og gjort til ei politisk sak, og ho vann fram: I 1974 kom lova om at lærebøkene skal koma samstundes på nynorsk og bokmål, gjeldande frå 1976.

Hermund var formann i Voss mållag 1981–1982, og var jamleg tilstades på årsmøta og andre mållagstilstellingar.

John Dale, Dale
Marit Hafting, Voss

I november fekk Gunnar Skirbekk **Austmannaprisen** ved ei utdeling i Bergen. Grunngevinga var at han har vore ein ambassadør for nynorsk gjennom ein mannsalder, og at han har gjort eit framifrå arbeid for det nynorske språket i tale og skrift, i så vel vitskapleg arbeid som i det offentlege ordsiftet. Her er takkeordet frå Skirbekk:

Nynorsk, det går greitt!

■ Med takk for Austmannaprisen 2024

Hjarteleg takk for Austmannaprisen – det gledde meg storleg! For, Austmannaprisen er noko spesielt for meg, som på mange vis voks opp med Austmannalaget som kulturelt og språkleg bakteppe:

Farfar, Gunnar Skirbekk, var med å skipe laget, i 1899. Far, Håvard Skirbekk, gav ut *Årbok for Glåmdalen* i vel 40 år, frå 1941 til han døydde i 1983, med Austmannalaget som utgjevar. Og morfar, Sigurd Nergaard, var mellom anna norsklærer for Halldis Moren, seinare Vesaas. Kort sagt, bae foreldra og alle fire besteforeldra var målfolk.

Som Hamar-gut vart eg to-språkleg – for ikkje å seie tre-språkleg, om vi tek med hedmarksdialekta, i tillegg til nynorsk og bokmål.

Og for vel 66 år sidan, mellom vårsemesteret og haustsemesteret, som medisinstudent ved Universitetet i Oslo, sat eg på heimekontoret til far, heime på Sagatun, og skreiv. Resultat, boka *Nihilisme? Eit ungt menneskes forsøk på å orientere seg* – på eit dialektært nynorsk. Oppstyret var uventa. Før jul kom boka i to opplag, og på vel eitt år vart boka omtala eller referert til av over 70 personar i meir enn 40 norske aviser og tidsskrift.

Etter dette, då eg skulle opp til eksamen i anatomi, i preklinikken ved Universitetet i Oslo, var det ein av medstudentane som gav uttrykk for at han ville skrive konservativt bokmål – i håp om at det ville vere gunstig for utfallet, ettersom oppgåvene skulle vurderast av professor Jan Jansen, som gjekk for å vere ein konservativ embetsmann av den gamle skule. Eg skreiv nynorsk, som alltid. Den nemnde medstudenten (som no har gått ut av tida), fekk laud, men nedst på skalaen. Eg, med nynorsken, fekk også laud. Men øvst på skalaen.

Så nynorsken, som fagspråk, framstod ikkje som eit problem. Ikkje den gong, og heller ikkje seinare, då eg skifta beite og enda opp som filosof.

For, vel ferdig med preklinikken før eg til utlandet, først til Paris, så til Tübingen, og deretter til Bergen. Der fekk eg stilling ved Filosofisk institutt, med mange nynorskbru-

kande venner og kollegaer – slik som Hans Skjervheim, Jon Hellesnes, Ånund Haga, Atle Måseide, Audgunn Oltedal, Målfrid Krohn Sletten, med fleire. På 70-talet vart det sagt at nynorsk var hovudmål på Instituttet, med tysk som sidemål.

Som 25-åring tok eg til å undervise i filsofihistorie. Eg likte jobben, eg likte studentane. Og det heile gjekk på nynorsk – også då eg tok til å skrive det ned, og det vart bok av det heile. Etter kvart tok andre til å bruke boka. Først her i landet. Seinare, også andre stader. I Danmark vart boka brukt ved danske universitet, på nynorsk. Men etter ei tid, då dansk Gyldendal fann ut at det var pengar å tene på ei danskspråkleg utgåve, skreiv den danske omsetjaren dette, i forordet til den danskspråklege utgåva: «Ved oversættelsen har jeg bestræbt mig på at bevare originalens ligefremme og letlæste sproglige form.»

Så skal vi tru den danske omsetjaren, kan det ikkje stå så ille til med nynorsken, som akademisk bruksspråk! I dag ligg boka føre på 18 språk. Og tilbakemeldingane tyder på at «originalens ligefremme og letlæste sproglige form» går heim, også i omsetjingane.

Men byter eg aldri språk? Jau, på den dansk-tyske grensa! Sør for grensa går det på tysk. Nord for grensa, på nynorsk. Til dømes: i 2009 heldt eg førelæsing i Sønderborg, på nynorsk. Neste år vart teksten trykt i *Årbog for Museum Sønderjylland*. På nynorsk. Utan kommentar frå redaksjonen. Men profesjonelt og smakfullt illustrert.

Eg vart verande vestpå, i Bergen – der kollega og erkebergensar Arild Haaland hengde opp diplommet for æresmedlemskap i Vestmannalaget på kontordøra, der erkebergensaren Knud Blaauw tok overgang frå riksmålsforbundet til mållaget, og der ein annan erkebergensar, journalist og forfattar Sjur Holsen, kunngjorde at «her er me annleis, her brukar me nynorsk».

Kort sagt, eit langt og godt liv med nynorsk som morsmål og bruksspråk! Så hjarteleg takk for Austmannaprisen! Og lukke til med arbeidet vidare framover!

Gunnar Skirbekk

“Så nynorsken, som fagspråk, framstod ikkje som eit problem. Ikkje den gong, og heller ikkje seinare, då eg skifta beite og enda opp som filosof.

Albumdebutant får Dialektprisen 2024

Synne Vo vart tildelt Dialektprisen på landsmøtet til Norsk Målungdom.

■ Kvart år deler Norsk Målungdom ut pris til dialektforbilde for unge. Sist Dialektpris vart tildelt Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga, og denne gongen går han også til ein musikar.

– Synne Vo har blitt populær dei siste åra med fengande låtar på gudbrandsdøl. Ho lagar musikk som treff unge og er med på å assosiere innlandsdialekt med popkultur og nyskaping, seier leiar i Norsk Målungdom, Sebastian Vinsent Natvik.

Ein viktig kulturberar

Synne Vorkinn, som artisten eigentleg heiter, kom ut med debutalbumet *Kanskje det går te helvete* i fjor, og den ferske songen hennar «Her vil e vær» har gått viralt på sosiale medium.

– Me synest det er veldig stas å kunne gje prisen til eit ungt forbilde som er på veg opp, seier Natvik og fortset:

– Musikk er ein utruleg viktig kanal for å formidle kultur og identitet, og dette gjer Synne på strålende vis ved å kombinere det bygdenostalgiske og heimekjære med ei universell oppleving av å vera ung og svolten på livet.

Dialektprisen blei utdelt for første gong i 2001 og er den einaste språkprisen som vert delt



PRISUTDELING: Synne Vo fekk utdelt Dialektprisen av nestleiar Synne Solberg (t.v.) og leiar Sebastian Vinsent Natvik. Seremonien fann stad i Drammen, under landsmøtet til Norsk Målungdom.

ut av språkengasjerte ungdomar. Dette gjer prisen til ein av dei mest prestisjetunge.

Blant tidlegare prisvinnarar finn ein namn som Karsten Warholm, Therese Johaug og Victor Sotberg.

Ekstra stas

Det var ei takksam Synne Vo som gjekk på scena under festmiddagen på landsmøtet til Norsk Mål-

ungdom i byrjinga av april.

– Ikkje til sjananse for andre prisar, men det er særleg stas å få ta i mot akkurat Dialektprisen, seier 27-åringen.

For det har ikkje alltid vore like lett å prate innlandsålet hennar.

– Då eg kom med den første låta mi «Lær meg å leve», skreiv eg ho på nynorsk fordi eg var redd

for at publikum ikkje kom til å skjønne gudbrandsdøl.

Det er ho ikkje lenger. No brukar ho dialekta – og hovudmålet sitt, med stoltheit.

– Eg set stor pris på organisasjonen og arbeidet deira, og kan avsløre at eg nyleg har fornya medlemsskapet mitt, seier ho med eit lurt smil.

NMU

Økland-arkivet er digitalisert

■ – Det tok 60 år å skrive det som ligg i Einar Øklands arkiv av brev og manuskript. Det tok fire månadsverk å ordne og digitalisere alt saman. Og det tok sju sekund å overføre det digitale arkivet til ein ekstern harddisk, sa Ottar Grepstad då han overrekte det digitale Økland-arkivet til Sveio kommune 26. mai.

Økland-arkivet inneheld dokument frå norsk skriftkultur 1959–2019 og utgjer 9552 sider som er ordna i 614 filer. Etter ønske frå Økland tok Grepstad på seg arbeidet i mars 2024. Prosjektet er gjennom-

